



Rettleiing til hovuddelane i gudstenesta

Utarbeidd av sekretariatet i Kyrkjerådet.

I. SAMLING

<u>I.1</u>	<u>Strukturen i samlingsdelen</u>	<u>s. 03</u>
<u>I.2</u>	<u>Samlingsdelen – ledd for ledd</u>	<u>s. 03</u>
<u>I.3</u>	<u>Særlege forhold i samlingsdelen</u>	<u>s. 06</u>
I.3.1	Plassering av syndsvedkjenninga	
I.3.2	Variantar av struktur i samlingsdelen	
<u>I.4</u>	<u>Alternativa til dei enkelte ledda</u>	<u>s. 09</u>

II. ORDET

<u>I.1</u>	<u>Strukturen i Ordet</u>	<u>s. 13</u>
<u>II.2</u>	<u>Ordet – ledd for ledd</u>	<u>s. 14</u>
<u>II.3</u>	<u>Særlege forhold i hovuddelen Ordet</u>	<u>s. 18</u>
II.3.1	Evangelieprosesjon	
II.3.2	Tekstboka	

III. FORBØN

<u>III.1</u>	<u>Strukturen i forbønsdelen</u>	<u>s. 19</u>
<u>III.2</u>	<u>Forbønsdelen – ledd for ledd</u>	<u>s. 19</u>
<u>III.3</u>	<u>Særlege forhold i forbønsdelen</u>	<u>s. 22</u>
III.3.1	Forbøna som felles handling	
III.3.2	Til refleksjon under førebuing av forbøner	
III.3.3	Kyrkjelydssvar	
<u>III. 4</u>	<u>Alternativa til dei enkelte ledda</u>	<u>s. 24</u>

IV. NATTVERD

<u>IV.1</u>	<u>Strukturen i nattverdsdelen</u>	<u>s. 27</u>
<u>IV.2</u>	<u>Nattverdsdelen – ledd for ledd</u>	<u>s. 28</u>
<u>IV.3</u>	<u>Særlege forhold i nattverdsdelen</u>	<u>s. 35</u>
IV.3.1	Val av brød og vin	
IV.3.2	Utdelingsform ved nattverd	
IV.3.3	På verdig vis	
<u>IV.4</u>	<u>Alternativa i dei enkelte ledda</u>	<u>s. 39</u>

V. SENDING

<u>V.1</u>	<u>Strukturen i sendinga</u>	<u>s. 42</u>
<u>V.2</u>	<u>Sendinga – ledd for ledd</u>	<u>s. 43</u>
<u>V.3</u>	<u>Særlege forhold i sendingsdelen</u>	<u>s. 44</u>
V.3.1	Etter gudstenesta	
<u>V.4</u>	<u>Alternativa til dei enkelte ledda</u>	<u>s. 45</u>

I denne rettleiinga blir hovuddelane i gudstenesta gjennomgått, like eins enkeltledd og variantar av tekstar til dei enkelte ledda. Rettleiinga gjev informasjon om plasseringa av ledda i den liturgiske gangen, funksjonen til ledda og innhaldet i dei. Det blir òg sagt noko om korleis ein utfører dei ulike ledda i gudstenesta. Målet med rettleiinga er at tilsatte, sokneråd, gudstenesteutval og andre i kyrkjelydane skal få inspirasjon og kunnskap til å laga ei lokal grunnordning for hovudgudstenesta i kyrkjelyden sin, og til å førebu og gjennomføra gudstenester.

Kvart avsnitt tek for seg ein hovuddel, og der finn vi:

- Innhald og fokus i hovuddelen.
- Struktur i hovuddelen.
- Gjennomgang ledd for ledd.
- Særlege forhold.
- Presentasjon av alternativa til dei enkelte ledda.

Dei to grunnleggjande hovuddelane i den kristne gudstenesta er *Ordet*, som fører tilbake til synagogegudstenesta, og *Nattverd*, som har sitt utgangspunkt i Jesu siste måltid med læresveinane. Frå desse to hovuddelane har strukturen i gudstenesta utvikla seg gjennom hundreåra, med *Samling* som fører over til hovuddelen Ordet, og *Sending*, som fører frå nattverdsbordet og ut til teneste i verda. Midt i gudstenesta, som ei bru mellom Ordet og Nattverden har *Forbøn* for kyrkja og verda sin plass.

I. samling

Gud kallar oss til gudsteneste. Menneske med svært ulike føresetnader og forventningar kjem til den same gudstenesta. Vi samlar oss – mange ulike *eg* – for å bli eit felles *vi*. Vi er *saman for Guds andlet*.

I | 1 Strukturen i samlingsdelen

Samlingsdelen har denne grunnstrukturen:

- *Førebuing* – med eller utan informasjon og ei kort stille
- *Inngangssalme* – eventuelt inngangsprosesjon
- *Inngangssord*
- *Samlingsbøn*
- *Synsvedkjenning* – kan vera her eller før forbøna seinare i gudstenesta
- *Bønerop* – Kyrie eleison / Herre, miskunna deg (over oss)
- *Lovsong Gloria*
- *Dagens bøn* – kan vera her

I og med at det er fleire «kan-ledd» i samlingsdelen, viser vi til avsnitt I.3.2 «Variantar av strukturen i samlingsdelen» (side 8.11).

I | 2 Samlingsdelen – ledd for ledd

ledd 1 førebuing

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.5.

Denne delen av gudstenesta gjev opning for at kyrkjelyden kan utvikla ein *førebuingsskultur* som kan hjelpa den enkelte til å finna vegen inn i gudstenesta som kyrkjelydens felles handling, og til eit møte med den heilage Gud.

Korleis førebuinga blir tilrettelagd, kan variera frå kyrkjelyd til kyrkjelyd, og frå søndag til søndag.

Somme gonger høver det med stille som gjev opning for individuell førebuing. Kyrkjerommet bør vera tilrettelagt i god tid, slik at ein kan koma før gudstenesta, meditera, lesa ei bøn som er lagd ut på bord eller stolar, vera stille eller tenna eit lys på ein lysglobe. Det kan vera nokon til stades i rommet som på stillferdig vis hjelper folk til rette. Ein kan òg gje tilbod om samtale og/eller privat skriftemål på ein høveleg stad i kyrkja.

All øving skal avsluttast i god tid før gudstenesta. Har kyrkja ein lysglobe, bør Kristuslyset vera tent før folk tek til å koma. Alt blir lagt til rette for å skapa konsentrasjon og samling. Ein kan eventuelt bruka meditativ musikk. Altarløysa kan òg tennast i god tid før gudstenesta, eller det kan gjerast samtidig med inngangsprosesjonen.

Andre gonger høver det med fellessong ei stund før sjølve gudstenesta tek til,

gjerne i form av ei lovsongsavdeling eller ved at ein syng gjennom nokre av salmane i gudstenesta.

Informasjon om gudstenesta denne dagen

Informasjonen kan ha form av innbydande velkomstord, ved ein representant for kyrkjelyden (medlem i soknerådet eller gudstenesteutvalet, eller ein av medliturgane i gudstenesta).

Ein kan seia noko om spesielle innslag og om dei som skal medverka i gudstenesta. Ein kan nemna namn på den eller dei som skal døypast. Det kan òg seiast noko om offerformålet denne dagen og anna som gjeld denne gudstenesta.

Kunngjeringar om det som skal gå føre seg i kyrkjelyden i veka som kjem, høyrer ikkje heime her. Sjå meir om dette i rettleiinga til Forbøn, ledd 16 (side 8.28).

ledd 2 inngangssalme

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.5.

Før inngangssalmen kan det vera korsong eller eit preludium, til vanleg som forspel til salmen. Den første salmen bør vera samlande og vera ein som flest mogleg kan vera med på. Det kan vera ein lovsong eller ein salme som svarar til kyrkjeårstida og særpreget i gudstenesta.

Dersom det er dåp, kan ein syngja dåpssalmen her. I kyrkjelydar der det ofte er dåp i hovudgudstenesta, bør ein, for å få variasjon, ikkje la dette vera hovudregelen.

Ein bibelsk salme kan syngjast som inngangssalme, dersom det ikkje blir brukt ein bibelsk salme mellom første og andre tekstlesinga.

Prosesjon (jf. Allmenne føresegner, punkt 43)

Søndagen er dagen for Kristi oppstode. For å gje inngangen til gudstenesta eit preg av fest og glede kan ein bruka prosesjon under preludiet/forspelet og/eller inngangssalmen.

Prosesjon er eit liturgisk uttrykk for Guds folk som er på veg mot det evige målet i Guds rike. Både prosesjonen inn og ut er ei vandring framover.

Alle reiser seg og kan delta i inngangsprosesjonen ved å venda seg og sjå på dei som går der på vegner av heile kyrkjelyden, til prosesjonen er komen heilt fram i kyrkja. Dei som går i prosesjonen, skal gjerne delta med spesielle oppgåver i gudstenesta.

Prosesjonskross skal alltid berast fremst i prosesjonen. Dersom ein òg bruker prosesjonslys, ber ein dei ved sida av kvarandre litt bak prosesjonskrossen. Når det er dåp, er gjerne dåpsfølgjet med i inngangsprosesjonen. Det er liturgen som avgjer rekkjefølgja i prosesjonen. Det er vanleg praksis at liturgen går bakarst i inngangsprosesjonen. I utgangsprosesjonen kan liturgen velja å gå først, eller til sist der òg.

I inngangsprosesjonen kan ein bera inn brød og vin til nattverden, vatn til dåpen, Tekstboka eller Bibelen og eventuelle gjenstandar som symbol på temaet i gudstenesta.

Utgangsprosesjonen kan gjerne ta til mot slutten av postludiet, eller etter at ein har sunge eit par vers av ein utgangssalme. Heile kyrkjelyden følgjer prosesjonen ut av kyrkja. Slik blir det synleg at dei òg deltek i den vandringa som prosesjonen symboliserer.

ledd 3 inngangsort

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.6.

Inngangsortet gjer tydeleg at det er Gud som kallar oss saman til gudsteneste.

Liturgens inngangsort leier direkte til samlingsbøna. Men på somme gudstenester kan det etter inngangsortet følgja innslag som peikar på særpreg og tema i gudstenesta. Dette kan gjerast i form av ei symbolhandling, ei tydeleggjering av temaet for gudstenesta i form av korsong, drama, dans og liknande. Dette kan vera særleg aktuelt i gudstenester som er tilpassa born og unge, og i temagudstenester.

ledd 4 samlingsbøn

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.6 og side 2.29–2.33.

Samlingsbøna har som mål å skapa forventning, glede og heilagt alvor når vi er saman for Guds andlet. Til vanleg er det ein medliturg som bed bøna. Somme gonger kan alle be bøna i fellesskap. Men når syndsvedkjenninga kjem like etterpå, gjev det god variasjon og fin veksling mellom bønene at ein person bed samlingsbøna og alle bed syndsvedkjenninga.

ledd 5 syndsvedkjenning

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.7, 2.14 og 2.35–2.37.

Syndsvedkjenninga kjem anten etter samlingsbøna eller før forbøna (jf. Allmenne føresegner, punkt 26).

Saman med dei vi feirar gudsteneste i lag med, saman med kristne og kyrkjelydar over heile verda, vedkjenner vi for den heilage Gud at vi er syndarar, og bed om å bli tilgjevne.

Liturgen kan seia eit lovnadsord etter syndsvedkjenninga (Sjå Ordning for hovudgudsteneste, s. 2.38).

ledd 6 bønerop kyrie

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.7 og side 2.39–2.40.

Kyrie eleison er eit av dei aller eldste ledda i den kristne gudstenesta. Vi finn ropet fleire stader i Det nye testamentet. Den blinde Bartimeus sat i vegkanten og ropa då Jesus gjekk framom: «Jesus, du Davids son, miskunna deg over meg (*Kyrie eleison*)» (Mark 10,46–52). Slik var det mange som ropa til Jesus om hjelp – blinde, spedalske, stumme og andre som hadde det vondt. Ei kananeisk kvinne med ei dotter som var sjuk, ropa gong på gong. Ho gav seg ikkje, og Jesus hørde ropet hennar (Matt 15,21–28). Menneske ropar frå si djupaste naud i dag òg. Når *Kyrie* lyder i samlingsdelen, blir ropet lyft opp frå det djupe, heilt fram for den Gud som høyrer når vi ropar.

Kyrie eleison er både eit naudrop – men kan òg vera eit hyllingsrop. «Jesus Kristus er Herre (*Kyrios*), Gud vår Far til ære» (Fil 2,11). Dette ropet om hjelp kan òg vera fylt av tillit og lovprising av den treeinige Gud som har omsorg for oss og heile sitt skaparverk.

Det første vitnemålet om *Kyrie eleison* i ei kristen gudsteneste er frå ei gudsteneste i Jerusalem på 300-talet. Det blir fortalt at det var ein stor flokk born som braut inn med *Kyrie eleison* etter kvart ledd av forbøna i kyrkjelyden.

Kyrielitani

Kyrie kan utvidast til eit kyrielitani (sjå rubrikk til ledd 6 i Ordning for hovudgudsteneste, side 2.8). Eit kyrielitani er ei spesiell bønneform som inneheld korte bønerop, som regel ikkje meir enn éi setning, som vekslar med eit kyrie som kyrkjelydssvar. Kyrielitaniet er ei meir utførleg utforming av Kyrie. Litani kan òg brukast i forbønsdelen (sjå Rettleiing til hovuddelane i gudstenesta, side 8.38). Her i samlingsdelen uttrykkjer det naudrop frå skaparverket og menneske i naud, og kan òg ha karakter av lovprising og tilbeding.

Dersom det er lovnadsord etter syndsvedkjenninga i samlingsdelen, kan det vera naturleg med eit kyrie eller eit kyrielitani som uttrykkjer hyllingsropet.

Kyrie kan utelatast i enkelte gudstenester. Det kan vera når ein ønskjer å gje gudstenesta eit svært enkelt preg, til dømes i gudstenester der dei aller minste er i fokus. Men det bør berre gjerast unnataksvis. Kyrie har ein viktig funksjon som eit ledd som kan kjennast att i den verdsvide kyrkja. Det er eit viktig gudstenesteledd også for born, særleg når ein bruker bibelforteljingane for å forklara bakgrunnen for leddet og innhaldet i det.

ledd 7 lovsong gloria

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.8 og side 2.41–2.43.

«Ære vere Gud i det høgste ...» Englesongen frå Betlehemsmarka den natta Jesus vart fødd, har lydd i den kristne gudstenesta, alt frå den første tid. Etter kvart kom det inn som eit fast ledd i messa. Heilt frå tidleg i mellomalderen finst det belegg for at Kyrie og Gloria var knytte tett til kvarandre. I lovsongen gjev kyrkjelyden uttrykk for glede over inkarnasjonsunderet: at Gud i Jesus Kristus lét himmel og jord møtast.

ledd 8 dagens bøn

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.9.

Det tradisjonelle namnet på denne bønna er *kollektbøn*. Ordet *kollekt* kjem av eit latinsk ord som tyder «samla». Kollektbønna samlar opp og gjev uttrykk for noko av det som er særpreget for nett denne dagen i kyrkjeåret. Nemninga kollektbøn er no endra til *dagens bøn*, mellom anna for at ho ikkje skal forvekslast med samlingsbønna. Dagens bøn fører over til Ordet og opnar for bibeltekstane som følgjer.

Dagens bøn kan utelatast. Ho kan eventuelt brukast som samlingsbøn, først og fremst på høgtidsdagar, eller ein kan be bønna i samband med preika.

I | 3 Særlege forhold i samlingsdelen

i.3.1 plassering av syndsvedkjenninga

Ifølgje Ordning for hovudgudsteneste plasserer ein syndsvedkjenninga anten som ledd nr. 5 eller før ledd 17. Forbøn. Det finst gode grunnar for begge plasseringane – både etter samlingsbønna og før forbønna. I den lokale grunnordninga fastset kyrkjelyden den plasseringa dei ønskjer. Her er nokre argument for kvar av desse plasseringane.

Argument for å leggja syndsvedkjenninga til samlingsdelen

1 Vi har i vår kyrkje lang tradisjon med syndsvedkjenning i byrjinga av gudstenesta.

Det er kyrkjelyden vand med, og mange synest dette er ei naturleg plassering.

- 2 Å sanna syndene i byrjinga av gudstenesta har karakter av førebuing og reinsing før ein går vidare til Lovsong Gloria og hovuddelen Ordet.
- 3 Når ein no i gudstenesta legg større vekt på *førebuing* og har *samlingsbøn* som første bøn, kjem syndsvedkjenninga ikkje så brått på som i høgmessa av 1977, og kan difor fungera godt her.
- 4 I og med at det no er fleire syndsvedkjenningar å velja mellom, kan ein bruka ei syndsvedkjenning som fungerer godt i den delen av gudstenesta der kyrkjelyden samlar seg som eit felles *vi* for Guds andlet.

Argument for å leggja syndsvedkjenninga til forbønsdelen

- 1 Syndsvedkjenning er ei naturleg følgje av å høyra forkynninga av Guds ord som lov og evangelium. Difor følgjer syndsvedkjenning naturleg etter hovuddelen Ordet.
- 2 Syndsvedkjenninga kan gje eit for sterkt fokus på syndene våre i opningsdelen av gudstenesta, før ein er klar for det. For somme menneske som ber på synd og skam når dei kjem til gudsteneste, vil det kunna vera lettare å delta i syndsvedkjenninga seinare i gudstenesta.
- 3 Når samlingsdelen er utan syndsvedkjenning, får kyrieropet ei eiga tyngd, både som klagerop og lovprising.
- 4 Syndsvedkjenninga like før forbøna kan vera ei god førebuing både til forbøna og til nattverden – som ei *reinsing* før vi bed for kyrkja og verda og går fram for å ta imot Jesu lekam og blod.

I.3.2 variantar av strukturen i samlingsdelen

Samlingsdelen er den delen av gudstenesta der det er mest opning for lokal tilpassing når det gjeld talet på ledd og rekkjefølgja av dei. Her følgjer ei framstilling av dei strukturvariantane som gjev seg ut frå rubrikkane til kvart ledd i Ordning for hovudgudsteneste.

Variant A (utan syndsvedkjenning og dagens bøn)

Førebuing (med eller utan informasjon og ei kort stille)

Inngangssalme

Inngangssord

Samlingsbøn

Kyrie

Gloria (kan utelatast i fastetida)

Dette er den kortaste varianten. Han har ein fortetta karakter der samlingsbøna fører direkte til Kyrie. Slik får bøneropet sin sjølvstendige plass og verdi. Etter Gloria vil det i mange kyrkjelydar ofte vera dåp. Då kan det vera formålstenleg med ein kort og stram samlingsdel.

Variant B (med syndsvedkjenning, utan dagens bøn)

Førebuing (med eller utan informasjon og ei kort stille)

Inngangssalme

Inngangssord

Samlingsbøn

Syndsvedkjenning

Kyrie
Gloria (kan utelatast i fastetida)

I denne varianten er det viktig å velja samlingsbøn og syndsvedkjenning som høver saman. Særleg gjeld dette lengda på bønene. Dersom ein vel ei av dei lengre samlingsbønene, til dømes nr. 3 (Ordning for hovudgudsteneste, side 2.29), vil det høva med ei kort syndsvedkjenning, til dømes nr. 2 (Ordning for hovudgudsteneste, side 2.35). Ei kort stille mellom dei to bønene kan vurderast, i staden for stille og lovnadsord etter syndsvedkjenninga (sjå rubrikk til ledd 5 Syndsvedkjenning i Ordning for hovudgudsteneste, side 2.7).

Variant C (Utan syndsvedkjenning, med dagens bøn)

Førebuing (med eller utan informasjon og ei kort stille)

Inngangssalme

Inngangsord

Samlingsbøn

Kyrie

Gloria (kan utelatast i fastetida)

Dagens bøn

I denne varianten er det viktig å velja samlingsbøn og dagens bøn som ikkje er for like i innhald og form. Desse bønene har ulike motiv og ulik karakter. Medan det viktigaste ved samlingsbøna er å gje ord til at vi som fellesskap, enkeltmenneske og del av skaparverket er saman for Guds andlet, legg dagens bøn vekt på dag og tid i kyrkjeåret og tekstane for dagen.

Slik kan dagens bøn danna ei fin bru frå samlingsdelen til Ordet.

Etter Gloria er det i mange kyrkjelydar ofte dåp. Dette må ein ta omsyn til når den lokale grunnordninga blir utforma. Om det høver med dagens bøn like etter dåpsliturgien, har mellom anna å gjera med plasseringa av salmen i dåpsliturgien. Her er det fleire løysingar, og med Gloria før dåpen og dagens bøn like etter kan det vera eit godt alternativ å avslutta dåpsliturgien med ein dåpssalme.

Variant D (med syndsvedkjenning og dagens bøn)

Førebuing (med eller utan informasjon og ei kort stille)

Inngangssalme

Inngangsord

Samlingsbøn

Syndsvedkjenning

Kyrie

Gloria (kan utelatast i fastetida)

Dagens bøn

Dette er den lengste og mest fyldige varianten av samlingsdelen. Dersom syndsvedkjenninga blir innleidd med det doble kjærleiksbodet og etterfølgd av lovnadsord, vil somme kanskje synast at det blir for langt. Med tre bønner i tillegg til Kyrie er det viktig når ein vel desse bønene, å leggja vekt på samanheng og variasjon. Sjå det som står om samanhengen mellom samlingsbøn og syndsvedkjenning i kommentaren til variant B ovanfor. Med dagens bøn i tillegg til desse to bønene er det ei utfordring å få til god flyt i samlingsdelen, særleg om det òg er dåp etter Gloria.

I | 4 Alternativa til dei enkelte ledda

inngangsort

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.6.

Det er fire inngangsort som ein kan bruka i hovudgudstenester. Før dei to første kan liturgen seia: «Kjære kyrkjelyd.» Etter inngangsortet kan kyrkjelyden svara: «Amen.»

- 1 Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.
Denne *apostoliske helsinga* som vi møter i dei paulinske breva, har sitt opphav i den gamle jødiske helsinga «Fred vere med dykk». I si helsing til kyrkjelydane utvida Paulus helsinga med ordet *nåde*. Omgrepa nåde og fred utfyller og utdjupar kvarandre. Vi får helsing frå Gud vår Far og Herren Jesus Kristus med den nåde og fred som er gjeve oss til frelse.
- 2 Vår Herre Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage andens samfunn vere med dykk alle.
Denne *apostoliske velsigninga* finn vi som avslutningshelsing i Paulus' andre brev til kyrkjelyden i Korint (2 Kor 13,13). Ulike variantar av henne finst som avslutningshelsing også i fleire av breva hans. I Den norske kyrkja har den apostoliske velsigninga tidlegare vore brukt som velsigning etter preika og ved avslutninga på andre gudstenester enn hovudgudstenesta. I tråd med praksis frå mange av søsterkyrkjene våre kan ho no òg brukast som inngangshelsing.
- 3 I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.
Denne *trinitariske helsinga* er kjend som inngangshelsing i messa heilt frå 1100-talet. Men alt på 300-talet vart desse orda brukte i samband med sakramenta. Når orda lyder heilt i byrjinga av gudstenesta, er det både ei dåpspåminning og ei utsegn om at alt som skjer i gudstenesta, skjer i den treeinige Guds namn.
- 4 I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande: Vår skapar, frigjerar og livgjevar.
Her er den trinitariske helsinga utvida med andre ord som seier noko om dei tre personane i guddommen. Siste delen av dette inngangsortet har sitt opphav i gudstenester på kvinnedagen (8. mars). Jf. Alternativord nr. 3 (Ordning for hovudgudsteneste, side 2.83 og Rettleiing for hovuddelane i gudstenesta, side 8.65).

Dersom det er dåp i hovudgudstenesta, bruker ein eitt av dei to første alternativa, i og med at «I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande» alltid er med i dåpsliturgien.

samlingsbøn

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.29–2.33.

Det er åtte samlingsbøner å velja mellom. I tillegg kjem «Modell for lokalt utforma samlingsbøn» og «Samlingsbøn når det har hendt ulukke eller katastrofar».

Samlingsbøn nr. 1 er ei omarbeidd inngangsbøn frå Den danske folkekyrkja. Ho kan brukast i alle typar hovudgudstenester gjennom heile kyrkjeåret.

Samlingsbøn nr. 2 er ei omarbeiding av kollektbøna for 13. søndag etter pinse i liturgien frå 1977. Ho høver særleg i gudstenester med fokus på skaparverket, men òg

elles.

Samlingsbøn nr. 3 er ei omarbeiding av *klokkarbøna*, som var opningsbøn i høgmessa frå 1685 til 1977. Ho kan brukast i gudstenester gjennom heile kyrkjeåret.

Samlingsbøn nr. 4 er ein forkorta versjon av nr. 3 og kan brukast gjennom heile kyrkjeåret.

Samlingsbøn nr. 5 er ei enkel bøn som vil vera særleg høveleg i gudstenester med mange born til stades. Ho kan lesast høgt av alle, eller brukast som «hermebøn» ved at den som leier bøna, seier éi og éi setning, som alle tek opp att.

Samlingsbøn nr. 6 er henta frå *Familiemessa* (Verbum Forlag 2003). Fleire komponistar har skrivne musikk til denne teksten. Notar finst i kyrkjelydshefte og organisthefte til *Familiemessa*. Denne bøna er skriven med tanke på born som medliturgar og forsongarar, men kan fungera godt også når andre aldersgrupper medverkar. Bøna kan brukast i gudstenester både med og utan dåp.

Når denne samlingsbøna blir brukt, kan born bera inn prosesjonskross, prosesjonslys og vatn til døypefonten. Prosesjonen går til døypefonten under inngangssalmen. Etter inngangsordet kan ein tenna dåpslyset og hella vatnet i døypefonten. Deretter les ein første leddet i samlingsbøna. Som eit ledd i dåpspåminninga auser ein medliturg opp vatn tre gonger frå døypefonten. Dette bør gjerast slik at ein både ser vatnet og høyrer det renna. Resten av samlingsbøna blir sunge i veksling mellom liturgen, medliturgane og kyrkjelyden. Songleddet til medliturgane kan forsterkast ved at eit forsongarkor syng saman med dei.

Samlingsbøn nr. 7 har sitt opphav i *Døvekyrkja* i Noreg. Bøna høver særleg godt i gudstenester med mange born. Setningane er formulerte slik at dei fungerer godt som teiknspråk. Ei gruppe born kan stå framfor kyrkjelyden og visa teikna før bøna blir lesen. Deretter reiser alle seg, og ein les bøna ledd for ledd og viser teikna samtidig. Dei i kyrkjelyden som ønskjer det, kan gjera teikna saman med medliturgen eller liturgen og borna.

Samlingsbøn nr. 8 høver særleg godt i hovudgudstenester der det er både dåp og nattverd.

Samlingsbøn nr. 9: Modell for lokalt utforma samlingsbøn opnar både for å henta inn ferdig formulerte samlingsbøner og for å utforma lokalt ei samlingsbøn til ei bestemt gudsteneste. Til gudstenesta på Dagen for skaparverket og andre hovudgudstenester med spesielle tema som misjon, diakoni, osv. finst det ressursmateriale som òg inneheld samlingsbøner, som kan brukast i den lokale gudstenesta.

Det er ei fin oppgåve å utarbeida ei eiga samlingsbøn til ei bestemt gudsteneste saman med born, unge, konfirmantar eller andre. Her kan modellen vera til hjelp. Det viktigaste når det gjeld innhaldet i bøna, er framstilt i punkt 2. Motiva i punkt 3 er døme. Det kan òg tenkjast andre motiv ut frå tema og særpreg i gudstenesta og/eller dag i kyrkjeåret.

Dersom ein ønskjer å bruka ei lokalt utforma samlingsbøn som ei fast ordning, skal det søkjast om godkjenning av denne bøna frå biskopen (jf. Allmenne føresegner, punkt 62).

Samlingsbøn nr. 10: Samlingsbøn når det har hendt ulukker eller *katastrofar*. Når ei ulukke eller ein katastrofe har ramma lokalsamfunnet, nasjonen eller eit anna område i verda, er det naturleg å la opninga av hovudgudstenesta i kyrkjelyden bera preg av det. Dette er aktuelt å gjera når ulukka eller katastrofen er av ein slik art at det vedkjem heile kyrkjelyden, eller dersom det som har hendt, er allment kjent, og kyrkjelyden dermed er innforstått med kvifor dette blir nemnt. Når ulukke og sorg har ramma éin eller nokre få i kyrkjelyden, er det meir naturleg å berre ta dette med i forbøna.

syndsvedkjenning

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.7, 2.14 og side 2.35–2.37.

Det er fire ulike måtar å innleia syndsvedkjenninga på:

- 1 **L |** Lat oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre.
- 2 **L |** Lat oss bøya oss for Gud og be om tilgjeving.
- 3 **L |** Lat oss ransaka oss sjølv for Guds andlet og sanna syndene våre.
- 4 **L |** Før eitt av innleiingsorda (1–3) kan liturgen seia:
L | Vår Herre Jesus Kristus seier: Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarte og av heile di sjel og av alt ditt vit. Dette er det største og det første bodet. Men det andre er like stort: Du skal elska nesten din som deg sjølv.

Ein kan velja eit fast innleiingsord, eller variera etter kva type hovudgudsteneste det er. Alternativ 2 kan til dømes høva i gudstenester som er særleg tilrettelagde for born og familiar. Alternativ 3 kan brukast når det er høve til ei kort stille før ein bed syndsvedkjenninga. Alternativ 4 kan vera særleg aktuelt i gudstenester i fastetida, på bots- og bøneda, og elles når det måtte høva ut frå tekstar og tema i gudstenesta.

Syndsvedkjenning nr. 1 er henta frå Ordning for kveldsbøn i Gudstenesteboka (1977–1992)

Syndsvedkjenning nr. 2 er ein forkorta versjon av nr. 1.

Syndsvedkjenning nr. 3 er ein lett omarbeidd versjon av syndsvedkjenninga i Familiegudstenesta (Gudstenesteboka 1977–1992). Her står bøna som første leddet i forbøna. No står ho som eit sjølvstendig ledd. Ho kan vera særleg høveleg i gudstenester med mange born.

Syndsvedkjenning nr. 4 er eit utdrag frå Salme 51. Eit lengre utdrag av denne salmen står som syndsvedkjenning i Ordning for skriftemål (Gudstenesteboka 1977–1992).

Syndsvedkjenning nr. 5 er ei syndsvedkjenning som tematiserer at vi høyrer saman med skaparverket og alle menneske på jorda. Ho kan vera særleg høveleg i gudstenester der desse tema er i fokus.

Syndsvedkjenning nr. 6 er syndsvedkjenninga frå høgmesseordninga av 1977.

Syndsvedkjenning nr. 7, Modell for lokalt utforma syndsvedkjenning opnar både for å henta inn ferdig formulerte syndsvedkjenningar og for å utforma ei syndsvedkjenning

lokalt til ei bestemt gudsteneste. Til gudstenesta på Dagen for skaparverket og andre hovudgudstenester med spesielle tema finst det ressursmateriale som òg inneheld syndsvedkjenningar, som kan brukast i den lokale gudstenesta.

Det er ei fin oppgåve saman med born, unge, konfirmantar eller andre å utarbeida ei eiga syndsvedkjenning til ei bestemt gudsteneste. Her kan modellen vera til hjelp.

Dersom ein ønskjer å bruka ein lokalt utforma syndsvedkjenning regelmessig, skal det søkjast om godkjenning frå biskopen (jf. Allmenne føresegner, punkt 62).

lovnadsord

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.38.

Etter syndsvedkjenninga kan liturgen seia eitt av dei to bibelorda (1 Joh 1,9 eller Sal 103,11–12), eller eit anna høveleg lovnadsord frå Bibelen.

Lovnadsordet er ei forkynning av Guds nåde og tilgjeving, til trøyst og styrke etter at ein har sagt fram syndsvedkjenninga. Det er ikkje ei direkte tilseing av forlating for syndene (absolusjon). Ei slik tilseing høyrer først og fremst heime i det private skriftemålet.

Etter lovnadsordet er det høve til å bruka ei kort bøn som ein medliturg kan be, åleine eller saman med heile kyrkjelyden. Denne bøna (i tre variantar) er ei forenkla utgåve av inngangsbøna i Ordning for skriftemål (Gudstenesteboka 1977–1992).

Ein bør vurderer om det er naturleg med lovnadsord og eventuelt òg bøn ved overgangen til Kyrie og Gloria. Då kan det vera naturleg at ein syng kyrieleddet på ein melodi med hyllingspreg.

bønerop kyrie

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.7 og side 2.39–2.40.

På side 2.7 i ordninga er det sett opp to alternative tekstar til Bønerop Kyrie. Dette er dei to grunnformene som det finst eit rikt utval av liturgisk musikk til.

Når det i rubrikk til ledd 6 i ordninga, side 2.8, står «eller eit anna kyrie» inneber det at også kyriesongar med andre tekstvariantar enn dei to grunnforma kan brukast. Bønerop og kyriesongar kan hentast frå godkjende salmebøker, og frå det digitale gudstenestebiblioteket for Den norske kyrkja.

- 1 *Kyrielitani nr. 1.* Samtidig som Kyrie eleison er ei bøn om Herrens miskunn, legg dette kyrielitaniet vekt på kyrieropet som tilbeding og hyllingsrop. Også andre ferdig formulerte kyrielitani kan brukast.
- 2 *Kyrielitani nr. 2.* Modell for utforming av kyrielitani legg vekt på kyrie som naudrop. (Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.40.)
Bruk gjerne god tid til å snakka saman om tema og særpreg i gudstenesta før kyrieropa blir utforma. Bruk god tid til å øva i kyrkjerommet før gudstenesta. Dersom «ropa» lyder frå ulike stader i rommet, må ein syta for at alle kan høyra det som blir sagt.

lovsong gloria

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.8 og side 2.41–2.43.

I ordninga (ledd 7, side 2.8) står grunnforma for Lovsong Gloria, og dessutan ein utvida Lovsong Gloria som er ei lett omarbeiding av Lovsong II i høgmesseordninga

av 1977.

Som det står i rubrikken etter desse to tekstane, kan andre lovsongar brukast i staden for eller som ei utviding av grunnforma.

Ein kan velja lovsongar etter temaet i gudstenesta og/eller kyrkjeårstida. Eventuelt kan Lovsong Gloria-leddet utvidast med fleire lovsongsomkvede. Dette kan særleg vera høveleg i gudstenester der mange unge deltek og medverkar. Ikkje bruk for mange omkvede, for denne delen av gudstenesta må ikkje bli så omfattande at det går ut over den liturgiske flyten frå ledd til ledd.

Lovsong nr. 1. Dette er Lovsong IV i høgmesseordninga av 1977. Denne gamle salmen, som er skriven av Nicolaus Decius «etter Gloria og Laudamus» i 1523, har lang tradisjon i vår høgmesse, særleg på høgtidsdagar.

Lovsong nr. 2. Det er òg med ein kort versjon. I denne versjonen er heilskapen fortetta til eitt vers, som er ei lovprising av den treeinige Gud.

Lovsong nr. 3. «Måne og sol», med innleiande song «Syng for Herren, pris hans namn» eller «Ære vere Gud i det høgste ...», er henta frå Familiegudstenesta (Gudstenesteboka 1977–1992). Denne lovsongen kan vera særleg høveleg i gudstenester der mange born deltek.

Lovsong nr. 4 er ein enkel trinitarisk lovsong. Også den kan vera særleg høveleg i gudstenester med born og unge. Notar til denne lovsongen finst i Liturgisk musikk.

Lovsong nr. 5 er ein trinitarisk lovsong som særleg fokuserer på skaparverket. Han kan høva godt i gudstenester på Dagen for skaparverket, og elles i gudstenester med born og unge.

II. ordet

Ordet er saman med Bordet (nattverd) dei to sentrale delane av den kristne gudstenesta. Dei er nådemiddel. Når Guds ord blir høyrte, blir Guds nåde boren til menneska og Den heilage ande kan skapa tru.

Kvar søndag i kyrkjeåret får sitt grunnpreg gjennom bibeltekstane for vedkomande søndag. Når tekstane blir lesne og forklarte, kan Gud røra ved hjarta våre og bruka sitt ord, det «guddomsord som skaper hva det nevner» (jf. salmen «Vidunderligst av alt på jord», 3. verset. N.F.S. Grundtvig)

II | 1 Strukturen i Ordet

Hovuddelen Ordet har denne grunnstrukturen:

- *Første lesinga* frå Det gamle testamentet
- *Bibelsk salme* eller ein annan *salme*

- *Andre lesinga* frå Det nye testamentet utanom evangelia

De to første tekstane kan òg lesast i eitt, berre med kort stille mellom.

- *Evangelium* – før og etter kan ein syngja eit *hallelujaomkvede* eller ein *kort salme*
- *Preike* over evangeliet eller ein annan føreskriven preiketekst
- *Truvedkjenninga* – kan utelatast når det er dåp i hovudgudstenesta
- *Salme*

I andre hovudgudstenester enn høgmissa kan hovuddelen Ordet kortast ned ved at ein eller to tekstar blir utelatne. Evangelieteksten skal alltid vera med. (Jf. Allmenne føresegner, punkt 28)

II | 2 Ordet – ledd for ledd

Oversikt over bibeltekstane som ein les i hovuddelen Ordet, finst i Tekstbok for Den norske kyrkja. Her er lesingane sette opp i tre rekkjer. Rekkjene følgjer kyrkjeåret, slik at gudstenesta første søndag i advent kvart år innleier ei ny tekstrekkje. Sjå meir om dette i avsnittet om Tekstboka (side 8.27).

ledd 9 første lesinga

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.9.

Liturgen eller ein medliturg (tekstlesaren) innleier lesingane med orda: «Lat oss høyra Herrens ord.» Deretter les medliturgen teksten frå Det gamle testamentet. Lesinga blir avslutta med orda: «Slik lyder Herrens ord». I dei kyrkjelydane der ein ønskjer det, kan kyrkjelyden gje sin respons til både denne lesinga og dei andre ved å seia «Gud vere lova».

ledd 10 bibelsk salme / salme

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.10.

Å syngja med Bibelens eigne ord har lang tradisjon i den kristne kyrkja. Gjennom hundreåra har ein i klosterlivet sunge Davidsalmane, og både katolske, ortodokse, anglikanske og andre kyrkjesamfunn har teke vare på denne songforma, der det gjerne er forsongarar som syng versa i salmen, medan heile forsamlinga deltek i eit omkvede mellom versa.

Tekstboka inneheld ei liste over poetiske tekstar til kvar søndag og helgedag i kyrkjeåret og ei liste over bibelske salmar som ein kan bruka gjennom ei heil kyrkjeårstid. Tanken er at ein skal kunna syngja desse tekstane på ein måte som involverer heile kyrkjelyden så mykje som råd er. Også andre bibelske salmar kan brukast.

Den bibelske salmen er med på å gjera hovuddelen Ordet rikare. Dette er Guds ord i sungen form. Salmane i Bibelen har vore bønneboka for kyrkja alt frå den første tida.

Dersom ein vel ein annan salme enn den bibelske salmen på denne staden, bør han så godt råd er danna bru mellom lesingane.

ledd 11 andre lesinga

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.10.

Ein medliturg les teksten frå Det nye testamentet utanom evangelia. Lesinga blir avslutta med «Slik lyder Herrens ord», og eventuelt med respons frå kyrkjelyden: «Gud vere lova».

ledd 12 evangelium

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.10.

Evangelia inneheld forteljingane om Jesus liv, hans død og oppstode. Lesinga av evangeliet understrekar på ein særleg måte at Jesus er midt iblant oss.

Evangelieteksten skal alltid lyda, uavhengig av kor mange tekstar som elles blir lesne. Evangeliet, som høgdepunktet i hovuddelen Ordet, blir markert ved at kyrkjelyden står under lesinga, og ved at ein kan syngja eit hallelujaomkvede før og etter. Sjølve lesinga blir avslutta med: «Slik lyder det heilage evangeliet», og eventuelt med respons frå kyrkjelyden: «Gud vere lova».

Å syngja Halleluja (hebraisk: pris Herren!) i den kristne gudstenesta i samband med evangeliet har tradisjon heilt tilbake til 400-talet. Det har sitt bibelske utgangspunkt i hallelujaomkveda til lovsongar i Salmane og den store lovsongen i himmelen: «Etter dette hørde eg noko som likna eit mektig kor frå ein stor skare i himmelen. Dei song: Halleluja!» (Op 19,1–7). Luther kalla hallelujaropet «den evige lyden i kyrkja».

Ein kan framheva evangelielesinga endå meir med å bruka *evangelieprosesjon* (sjå side 8.26). Denne prosesjonen, og hallelujaomkvedet, kjem altså rett før og etter lesinga av evangeliet. Om lesinga av evangelieteksten er andre lesing (ledd II), kjem prosesjonen og hallelujaomkvedet her.

I staden for halleluja kan ein syngja ein vanleg salme eller framføra ein korsong som høver. Ein kan syngja heile salmen før evangelielesinga, eller nokre vers før og nokre etter. Det kan gjerne vera veksel song mellom kor og kyrkjelyd. Eventuelt kan det vera korsong før lesinga og kort salme etter, eller omvendt. Salmen eller korsongen bør byggja bru til preika. Difor vil ofte ein bønosalme, gjerne ein heilag Ande-salme, høva godt her.

ledd 13 preike

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.11.

Oppgåva for predikanten er å formidla bodskapen i teksten inn i vår tid, inn i det verkelege livet til kvar enkelt som sit i kyrkjebenkene. Målsetjinga til preika er dermed *stadeigengjering* av evangeliet. Preika er både *tiltale* og *samtale*. Ein bodskap blir gjeven *til* den som høyrer, samtidig som det blir tala *med* den som høyrer. Slik kan Guds ord bli nærverande, til både ransaking, kunnskap, styrke for trua og kall til teneste.

Det er liturgen som har ansvar for form og innhald i preika, også når preika heilt eller delvis blir overlaten til andre.

Som innleiing til preika kan predikanten be ei kort, fri eller ferdig formulert bøn. Dersom dagens bøn ikkje er brukt tidlegare i gudstenesta, kan predikanten be henne i samband med preika.

Ein preikar til vanleg over evangelieteksten eller ein annan preiketekst som er

fastsett av Kyrkjerådet (jf. Allmenne føresegner, punkt 29). Ein kan og preika over andre tekstar, når det er særlege grunnar til det. Når første eller andre leseteksten er sett opp som preiketekst, kan denne teksten lesast her, i samanheng med preika. Slik blir det kortast mogleg avstand mellom den lesne teksten og utlegginga. Men teksten kan òg lesast på vanleg stad tidlegare i gudstenesta. Då kan hovudpunkt i teksten memorerast som ein del av preika.

Sjølv om det er éin av tekstane som er preiketekst, kan preika ofte gjerast rikare ved at også dei andre tekstane får spela med.

Forteljningstekstane i Tekstboka (sjå nærare om dette temaet i Tekstboka, side 8.27) kan òg brukast som preiketekstar. Det kan vera særleg aktuelt i gudstenester med born og unge i fokus. Ein kan eventuelt bruka ein person som har særlege eigenskapar som *forteljar* til å lesa teksten eller fortelja han med eigne ord.

Staden i kyrkjerommet der bibelteksten blir lesen, der preika blir halden og teksten lesen, kan variera. Rubrikkane under ledd 12 Evangelium og ledd 13 Preike legg opp til desse alternativs:

- a) Evangeliet blir lese ved lesepulten eller nede i kyrkja (ved evangelieprosesjon).
Ein syng Halleluja eller ein salme før og etter evangeliet.
Predikanten held deretter preika (til vanleg på preikestolen).
- b) Predikanten les evangeliet (som preiketekst) like før preika, etter at kyrkjelyden har sunge ein salme.
- c) Dersom det blir preika over ein annan tekst enn evangeliet, kan han lesast rett før sjølve preika. Dersom teksten er lesen som første eller andre lesinga, kan predikanten henta inn moment frå teksten i preika, eventuelt fortelja att teksten eller lesa delar av han på nytt.
- d) Preiketeksten kan òg lesast lenger ut i preika, slik det er mest vanleg å gjera på høgtidsdagar: kort innleiingsdel, høgtidsvers, preika held fram. Dette kan òg vera aktuelt i gudstenester der born, unge og andre medverkar i preika, i temagudstenester og elles når det kjennest rett i forhold til både preiketekst og situasjon.

Preikeleddet i gudstenesta kan gje opning for ulike typar involvering, slik at fleire deltek i preika. Det kan til dømes leggjast inn aktualiserande, dramatiserande eller aktiviserande ledd som er samordna med innhaldet i preika elles. Dette er særleg aktuelt i gudstenester der born og unge medverkar. Delar av preika eller heile preika kan leggjast opp som samtale mellom predikant og ein eller fleire andre. Det kan vera korte innslag i form av intervju, forteljning eller vitnemål som heng nøye saman med budskapet i teksten og preika. Delar av preiketeksten kan dramatiserast, og det kan vera songinnslag i løpet av preika. Poeng i budskapet kan visualiserast gjennom bilete, dans eller andre uttrykksformer. Det er mange vegar å gå – og det opnar for store lokale variasjonar og stor *fleksibilitet* når det gjeld preikeformer og verkemiddel.

Preika kan avsluttast med «det vesle Gloria»: «Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som var og vera skal éin sann Gud frå æve til æve.»

Når det er naturleg, kan preika munna ut i ei kort stille til ettertanke, eventuelt følgd av meditatív instrumentalmusikk, før den felles truvedkjenninga i kyrkjelyden.

Ordninga opnar òg for å leggja inn ein kort salme mellom preika og truvedkjenninga.

Gangen i gudstenesta frå preika sluttar og til salmen etter truvedkjenninga må

vurderast under eitt. Desse alternativa ligg føre:

- a) Preika munnar ut i ei kort stille til ettertanke, og eventuelt meditativ instrumentalmusikk eller korsong etterpå. Då er det naturleg at salmen mellom preika og truedkjenninga fell bort, medan salmen etter truedkjenninga (ledd 15) blir ståande.
- b) Etter preika kjem det korsong eller salme. Om ein syng ein salme på dette punktet, kan det koma korsong etter truedkjenninga (i staden for salme under ledd 15).
- c) Etter preika kjem truedkjenninga, og deretter salme (ledd 15).

Salmen kan falla bort dersom ein syng truedkjenninga.

ledd 14 truedkjenning

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.11.

Truedkjenninga kjem som eit svar på bibellesingane og forkynninga.

Vår kyrkje har to oldkyrkjelege truedkjenningar som er bygde opp på same måten: tre trusartiklar som nemner dei grunnleggjande fakta for kvar av dei tre personane i treeininga. Den eine blir kalla den apostoliske truedkjenninga (Apostolikum) og den andre den nikenske truedkjenninga (Nikenum). Gjennom kyrkjarahistoria har desse to vedkjenningane hatt ulik funksjon. Apostolikum har vore truedkjenninga ved dåp. Denne truedkjenninga er den grunnleggjande målestokken for trusinnhaldet som dåpen byggjer på. I messa har truedkjenninga i tillegg til å nemna dei grunnleggjande elementa i trusinnhaldet ein lovprisande karakter. Lovprisingskarakteren gjer det òg naturleg å syngja denne teksten.

Det tradisjonelle er å bruka Nikenum i gudstenesta. Slik har det vore i vårt land òg. Men kyrkjelege og liturgiske straumdrag hos oss på 1800-talet førte til at Apostolikum frå og med Altarboka av 1889 vart gjort gjeldande som truedkjenning, ikkje berre ved dåpen, men òg i høgmissa. Økumenisk sett er dette ikkje det mest vanlege, men i dei nordiske kyrkjene blir den apostoliske vedkjenninga mykje brukt i høgmissa. Det er likevel ein tendens til at Nikenum blir stadig meir brukt.

I den lokale grunnordninga kan ein fastsetja kva for typar gudstenester og kva for dagar i kyrkjeåret den apostoliske eller den nikenske truedkjenninga skal brukast på (jf. Allmenne føresegner, punkt 64).

Dersom det er dåp, kan truedkjenninga utelatast på denne staden (ledd 14), sidan forsakinga og truedkjenninga er fast ledd i dåpsliturgien. I staden for å seia fram truedkjenninga kan ein då syngja ein truedkjenningssalme, eller syngja truedkjenninga.

Truedkjenninga blir leidd av ein medliturg eller liturgen, frå lesepulsten, døypefonten eller ein annan stad i korpartiet. Den som leier, vender seg mot altaret som ei synleggjering av at vi vedkjenner oss til den treeinige Gud.

Vi vedkjennest trua saman med dei vi feirar gudsteneste med, og alle andre som feirar gudsteneste i den verdsvide kyrkja. Ved å vedkjennast saman ber vi på ein måte trua for og med kvarandre.

ledd 15 salme

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.13.

Denne salmen kan falla bort dersom ein syng truedkjenninga. Men det er god grunn til å ha med både truedkjenninga og salmen. Salmen på denne staden i gudstenesta

vel ein gjerne med tanke på at han skal vera respons frå kyrkjelyden på tekstlesingane og preika. Salmen kan bli valt ut frå hovudtankar i preika for å understreka det vi har høyrjt. Han kan òg vera kyrkjelydens «svar» i form av vedkjening og bøn, som ei naturleg forlenging av preika og ei bru til eventuell syndsvedkjening og forbøn.

II | 3 Særlege forhold i hovuddelen Ordet

ii.3.1 evangelieprosesjon

Evangelielesinga representerer på ein særleg måte Kristi nærvær i gudstenesta. Det kan tydeleggjerast ved at ein bruker evangelieprosesjon ved lesinga av evangeliet (jf. Allmenne føresegner, punkt 44). Slik kan ein gje eit liturgisk uttrykk for at Kristus kom til jorda og «tok bustad mellom oss» (Joh 1,14) og er midt iblant oss (Matt 18,20).

Medan kyrkjelyden reiser seg og syng eit hallelujaomkvede, ber ein Tekstboka frå lesepulten og ned i midten av kyrkjelyden. To lysberarar kan gå på kvar si side av den som ber boka, og slik følgja Ordet både når ein ber Tekstboka ned, når ein les teksten, og når ein ber boka tilbake (jf. Sal 119,105 og Joh 8,12). Det er viktig å lyfte boka høgt, og at alle rørslene er tydelege. Alle i kyrkjelyden må kunna følgja med i det som hender. Difor må evangelieprosesjonar alltid tilpassast kyrkjerommet. Det må òg sikrast at kyrkjelyden høyrer det som blir lese, like godt som når ein les det frå lesepulten eller preikestolen.

Some vil helst at den som les, ikkje går for langt ned i kyrkja, og les evangeliet vendt mot kyrkjelyden. Andre ønskjer å utnytta kyrkjerommet ved at den som les, går så langt ned i kyrkja og vender seg framover, for på den måten å vera vend mot kyrkjelyden.

Også når boka blir boren tilbake, syng kyrkjelyden hallelujaomkvedet.

Prosesjonskross kan brukast under evangelieprosesjonen. I så fall ber ein han fremst i prosesjonen, både på veg ned i kyrkjelyden og tilbake att.

ii.3.2 tekstboka

Alle bibeltekstane som ein les i hovudgudstenestene, er samla i Tekstbok for Den norske kyrkja (jf. Allmenne føresegner, punkt 28). Tekstane er frå omsetjinga til Det norske bibelselskap (Bibel 2011).

Dei tre tekstane på ein bestemt søndag i kyrkjeåret er henta herifrå:

- 1 Det gamle testamentet.
- 2 Det nye testamentet utanom evangelia.
- 3 Eitt av dei fire evangelia i Det nye testamentet.

Dei tre tekstane som ein les på ein bestemt søndag er valde med sikte på at dei tematisk gjev meining til kvarandre. På somme dagar er den tematiske samanhengen mellom tekstane tydelegare enn på andre søndagar.

Det er òg sett opp tekstar for *merkedagar* og *temadagar* (sjå Kap. 6, side 6.12).

Temadagar som ikkje er knytte til bestemte søndagar i kyrkjeåret:

Dette er dagane for skaparverket, for kristen einskap, for rettferd og fred og for forfølgde. Desse tema er ikkje knytte til bestemte søndagar, og kyrkjelydane står difor

fritt til å velja kva for søndag som skal knytast til eit av dei nemnde tema. Ein kan òg feira andre gudstenester med særlege tema, som Søndag for misjon, Bibeldagen, Søndag for diakoni og liknande, utan at det er sett opp særlege tekstar for desse.

Tekstboka inneheld òg ein *forteljingstekst* til kvar søndag og helgedag. Dagens forteljing er anten ein av dei oppsette lesetekstane for dagen eller ei anna forteljing som høver til preget på dagen. Det er lagt vekt på å finna forteljingar frå dei ulike delane av bibelhistoria. Eit eige register i Tekstboka inneheld ei oversikt over alle forteljingstekstane, ordna etter bibelhistoria.

Forteljingstekstane er sette opp først og fremst med tanke på gudstenester som høver for born og familiar, og andre spesielle gudstenester. Då kan forteljingstekstane erstatta dei oppsette tekstane – og heile gudstenesta kan bera preg av dagens forteljing. Somme av tekstane er så lange at det kan vera naturleg å dela dei opp i gudstenesta eller å samanfatta dei i ei kortare attforteljing.

III. forbøn

I forbøna lyfter ein i fellesskap kyrkja og verda fram for Gud i takk og bøn. Forbøna har sin plass mellom Ordet og Nattverden i ordninga for gudstenesta. Den felles forbøna i kyrkjelyden er ein naturleg konsekvens av bibellesingar og forkyning. Ho høyrer sakleg sett saman med hovuddelen Ordet. Men med tanke på den tyngda forbøna har i gudstenesta, er ho skild ut som ein eigen hovuddel.

Alt hos Justin Martyr (155 e.Kr) går det fram at forbøna hadde sin plass etter preika og før nattverden.

III | 1 Strukturen i forbønsdelen

Forbønsdelen har denne grunnstrukturen:

- *Kunngjeringar* kan plasserast her eller ein annan stad i gudstenesta, eller dei kan formidlast på annan måte.
- *Synsvedkjenninga* kan følgja etter samlingsbøna eller koma her, som innleiing til forbønsdelen. *Sjå rettleiing om plassering av synsvedkjenninga, side 8.10.*
- *Forbøn for kyrkja og verda.* Kyrkjelyden sluttar seg til bøna ved å syngja eller lesa eit kyrkjelydssvar etter kvart bønneavsnitt.
- Som avslutning på forbøna kan kyrkjelyden *minnst dei døde og be for dei sørgjande.*
- *Takkoffer frå kyrkjelyden* kan ein samla inn som avslutning på forbønsdelen eller under salmen som innleier nattverdsdelen.

III | 2 Forbønsdelen – ledd for ledd

ledd 16 kunngjeringar

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.14.

Kyrkjelyden vel i si lokale grunnordning om dei vil ha kunnngjeringar som eit fast ledd her eller ein annan stad i liturgien (jf. Allmenne føresegner, punkt 64). Det kan vera heilt mot slutten, før velsigninga (ledd 24), eller etter dei tre gonger tre bønslaga, før utsendinga (ledd 24). Når kunnngjeringane kjem i ledd 16, er tanken at kyrkjelyden blir oppfordra til å ta det som blir kunnngjort, med i forbøna som følgjer etter.

Når ein avgjer om ein vil ha kunnngjeringar i gudstenesta, og kvar dei skal plasserast, må ein ha klart for seg kva slag type kunnngjeringar det er tale om.

Nokre døme:

- Kunnngjeringar i ledd 16 bør vera av ein slik karakter at det er naturleg å følgja dei opp i forbøna. Det kan vera presentasjon av nye medarbeidarar, eit spesielt prosjekt eller noko anna viktig i kyrkjelyden eller heile vår kyrkje. Kunnngjeringsdelen bør ikkje vera for omfattande. Det er viktig å ta omsyn til at den liturgiske gangen frå preike til truvedkjenning og salme, vidare til eventuell syndsvedkjenning og forbøn, ikkje blir broten opp med for mange ord og beskjedar.
- Utdeling av fireårsbok og anna til utdeling kan gå føre seg her. Presentasjon av konfirmantar og eventuelt andre grupper («minikonfirmantar», deltakarar i eit faseprogram i trusopplæringa, 50-årskonfirmantar osv.) er det òg naturleg å gjera under ledd 16. Når den aktuelle gruppa set sitt preg på gudstenesta, kan ein ved byrjinga av gudstenesta gje informasjon om at gruppa er med, under ledd 1. Førebuing (sjå Rettleiing til hovuddelane i gudstenesta, side 8.6).
- Opplysningar om det som skal skje like etter gudstenesta, kan formidlast heilt mot slutten, før velsigninga, eller like etter tre gonger tre bønslag. Dersom ein ønskjer å opplysa om noko som skal skje i veka som kjem, kan dette vera ein naturleg plass – dersom ein ikkje valde å gjera det under ledd 16.
- Kunnngjeringar om det som skal skje i veka som kjem, kan eventuelt formidlast på eit trykt gudstenesteprogram eller på ein eigen faldar som blir delt ut ved utgangen. Ein kan vurdera om det er nødvendig å ta opp att munnleg i sjølve gudstenesta det som blir formidla skriftlig, eller som kyrkjelyden har fått informasjon om på annan måte.

syndsvedkjenning

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.7, 2.14 og 2.35–2.37.

Sjå meir om syndsvedkjenninga under Rettleiing til hovuddelane i gudstenesta, side 8.8.

Når syndsvedkjenninga kjem før forbøna, kan det vera naturleg å ha både ei kort stille, lovnadsord og den korte takkebøna (sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.38).

Som overgang til forbøna kan melodien til kyrkjelydssvaret i forbøna eller annan meditativ musikk framførast.

17 forbøn for kyrkja og verda

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.14 og 2.45–2.65.

Forbøna kan utformast lokalt, eller ein kan bruka ferdig formulerte forbøner.

Emne for lokalt utforma forbøner er samla i dei fire første av desse fem temaområda:

- 1 Folk og nasjonar på jorda.

- 2 Vårt eige land og folk.
- 3 Den verdsvide kyrkja og kyrkja i vårt eige land.
- 4 Vår eigen kyrkjelyd, familiane våre og staden der vi bur.
- 5 Aktuelle hendingar.

Bøn for aktuelle hendingar kan ein ta inn i kvart av dei fire første temaområda, der det naturleg høyrer heime, eller det kan samlast i eit eige bønneavsnitt (punkt 5).

Både modellar for lokalt tilrettelagde forbøner og formulerte forbøner gjev opning for aktuelle bønner utforma til den enkelte gudstenesta. Også rubrikkane til litani gjev rettleiing om korleis aktuelle bønner kan innpassast.

vi minnest dei døde og bed for dei sørgjande

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.15.

I liturgiteksten er denne formuleringa valt: «Vi reiser oss og minnest dei i kyrkjelyden vår som det er halde gravferd for sidan sist vi var samla.»

Denne formuleringa kan tilpassast til det som det vil vera naturleg å seia i den lokale kyrkjelyden. Formuleringa «som det er halde gravferd for» er dekkjande både for kremasjon og kistegravferd. I somme kyrkjelydar der ein har full oversikt over dei som er døde sidan førre gudstenesta, kan det vera naturleg å minnast «dei i kyrkjelyden vår som er døde sidan sist vi var samla». Men dersom ein ikkje veit dette heilt sikkert, bør ein heller bruka formuleringa «dei i kyrkjelyden vår som det er halde gravferd for».

Formuleringa «sidan sist vi var samla» må òg tilpassast lokale forhold, ut frå om det er ein kyrkjelyd med gudsteneste kvar søndag i denne kyrkja, eller om det er ein kyrkjelyd som har fleire kyrkjer, og det går lang tid mellom kvar gudsteneste i somme av dei.

Ein må òg lokalt tenkja gjennom korleis ein kan inkludera i minnehandlinga dei som har vorte borte på havet, eller som det av andre grunnar ikkje er halde gravferd for.

ledd 18 takkoffer frå kyrkjelyden

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.16.

Takkofferet kan samlast inn her eller under salmen som innleier nattverdsdelen.

Dersom takkofferet blir samla inn her, kan det framførast høveleg instrumental- eller vokalmusikk. Ofringane kan samlast i kyrkjebenkene eller ved at ein går rundt altaret.

Det er opp til den lokale kyrkjelyden å velja om ein skal bruka ein av desse innsamlingsmåtane, eller om ein skal variera i forhold til kyrkjeårstid og typar av gudstenester (jf. Allmenne føresegner, punkt 64). Å gå rundt altaret er mange stader kanskje mest naturleg på høgtidsdagar. Det kan òg vera aktuelt i gudstenester med mange born til stades. Då blir takkofferet eit kjærkome høve til å røra på seg.

Når takkofferet blir samla inn i benkene, ber ein offerposane fram til altaret. Liturgen tek imot dei og kan be ei kort bøn. Dei som ber fram offeret, kan bli ståande framme, vende mot altaret, medan liturgen bed bøna.

Om bønene for takkofferet, sjå Rettleiing til hovuddelane i gudstenesta, side 8.57

III | 3 Særlege forhold i forbønsdelen

iii.3.1 forbøna som felles handling

Forbøna skal så langt råd er, vera *lokalt forankra og førebudd*. Det er nødvendig med liturgisk medvit hos dei som utarbeider forbøna. Alle som medverkar, gjer det på vegner av heile fellesskapet i gudstenesta. Dette inneber at ulike stemmer og aldersgrupper i kyrkjelyden bør synleggjerast og høyrast i valet av bønneemne og bønnespråk. Det skjer naturleg ved å *involvera* fleire i førebuing og gjennomføring av forbøna. Når det gjeld både førebuing og gjennomføring, kan det vera ulike former for deltaking frå søndag til søndag.

Forbøna som *felles handling* kan i tillegg til ord gjennomførast ved bruk av lystenning, ei kort stille, rørsler, vandringar og liknande. Deltaking i handlingar og rørsler føreset trygge rammer og informasjon. Ingen skal kjenna seg tvinga til å delta, eller kjenna seg ekskludert ved å la vera.

Samarbeid om forbøna

Kyrkjelyden kan leggja opp ein plan for førebuinga av forbøna i gudstenesta, kven som skal gjera kva, og korleis. Ein kan delegera arbeidet til ulike grupper i kyrkjelyden, eller det kan etablerast faste forbønsgrupper. Når slike grupper skal veljast ut, er det heilt nødvendig å tenkja representativt i forhold til korleis heile kyrkjelyden er sett saman.

Liturgen har eit overordna ansvar for å leia førebuinga og gjennomføringa av hovudgudstenesta (jf. Allmenne føreseger, punkt 13), leggja forholda til rette og delegera oppgåver for å gjera forbøna til kyrkjelyden og fellesskapet si bøn.

Ein tilrår at forbøna helst blir leidd av ein medliturg som er «bønneleiar». Dette kan vera diakonen i kyrkjelyden eller ein annan av medliturgane i gudstenesta. Sjølv sagt kan også presten leia forbøna, men i alle kyrkjelydar bør ein tenkja gjennom korleis ein på best mogleg måte kan trekkja inn andre enn dei vigsla personane i kyrkjelyden. Slik blir det gjort synleg at forbøna er ei bøn som høyrer heile fellesskapet til, og at det er «bønene til dei heilage» (Op 5,8) som blir borne fram for Gud.

Alle kan bidra

Så godt som råd er, bør det leggjast til rette for at alle som ønskjer det, kan bidra med bønneemne og konkrete forbøner. Dette kan gjerast med bønnekassar og andre lokale ordningar. Ordning for hovudgudsteneste gjev døme på korleis bønnevandring kan leggjast til rette (sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.53 og Rettleiing til hovuddelane i gudstenesta, side 8.36).

Staden for forbøna

Forbøna blir leidd frå lesepulten eller frå andre naturlege stader i rommet. Dette kan variera alt etter karakter og særpreg i gudstenesta, men det er alltid viktig at kyrkjelyden må kunna både høyra og sjå. Delar av forbøna kan lesast frå ulike stader for å tydeleggjera at det er bøner frå heile fellesskapet som blir borne fram.

Ein *stad for lystenning* har sin naturlege plass i inngangspartiet til kyrkjerommet. Slik får den enkelte høve til privat og stille bøn under gudstenesta. Dersom lystenning blir brukt under forbøna, kan det, for å gjera det synleg, vera naturleg med ein eigen stad for lystenning også framme i rommet.

iii.3.2 til refleksjon under førebuing av forbøner

- Ver varsam med «dei»- og «vi»-formuleringar i bønene. Ein god regel er å skifta ut «dei som» med «alle som».
- *Personvern* må ein gje akt på. Det er godt å vera tydeleg og spesifikk, men ikkje slik at det går ut over personvernet. Dette omsynet er særleg aktuelt dersom nokon bed om forbøn for andre. Undersøk om dei som ein bed for, ønskjer at namn skal nemnast, og om bøna skal utformast så konkret at det er lett å kjenna att den det gjeld.
- *Språket* som blir brukt, må opplevast inkluderande og forståeleg for det fellesskapet som saman bed bøna. Korte og presise formuleringar er alltid ein fordel. Når born er med og utformar forbøna, er det særleg viktig at dei får bruka sin eigen måte å formulera seg på når dei les bønene, og at dei kjenner att sine egne formuleringar og sitt eige språk i bønner som andre les.
- I forbøna må ein *ikkje nytta høvet til å informera eller formana kyrkjelyden* om ulike saker. Heile bøna skal i si form rettast til Gud. Dersom ein skal be for saker, prosjekt og liknande som ikkje alle i kyrkjelyden kjenner til, er det nødvendig å gje informasjon om dette på førehand.
- Ein må vera varsam når det gjeld *personlege synspunkt* i konfliktsaker, vurdering av politiske standpunkt og liknande i den felles forbøna.
- *Ein treng ikkje ha alle bønemna med kvar gong*. Ein kan ta med nokre emne med tanke på kyrkjeårstida, tekstane for søndagen, særpreget i gudstenesta og aktuelle hendingar lokalt og globalt. Andre emne kan utelatast. Som ein hovudregel skal emna alltid skal ha fokus både på kyrkja og verda – både på det nære og det fjerne.
- Etter at forbøna er førebudd, *kan det ha hendt noko i lokalsamfunnet, kyrkjelyden, Noreg eller verda elles* som er av ein slik karakter at ein må ta det med i forbøna. Like før den aktuelle gudstenesta kan det vera viktig at gudstenesteleiaren og medliturgane saman vurderer om noko må endrast eller leggjast til i den bøna som er førebudd.

iii.3.3 kyrkjelydssvar

Kyrkjelyden deltek i forbøna ved å lytta til og slutta seg til bønene, og uttrykkjer dette ved å syngja eller seia fram dei kyrkjelydssvara som ein tek opp att mellom dei enkelte avsnitta i forbøna. Gjennom kyrkjelydssvara blir enkeltbønene som medliturgane bed, til kyrkjelydens felles bøn.

Mange ulike kyrkjelydssvar kan brukast. Ein kan henta dei frå Liturgisk musikk, godkjende salmebøker, det digitale gudstenestebiblioteket for Den norske kyrkja og eventuelt andre kjelder.

Når ein skal velja kyrkjelydssvar, er det mange omsyn å ta:

- Vel kyrkjelydssvar som er mest mogleg *samlende* (lett å øva inn, lett å delta i).
- Bruk *same kyrkjelydssvar i lengre tid*, slik at kyrkjelyden kan gjera seg kjend med det.
- Prøv å få til best mogleg *samsvar i innhald* mellom forbøna og kyrkjelydssvaret.
- Prøv å få best mogleg *samsvar* mellom særpreget i den enkelte gudstenesta og kyrkjelydssvaret.
- Syt for at kyrkjelydssvaret blir så *inkluderande* som råd er, overfor døve, blinde og andre funksjonshemma. Det bør vera *tekstleg* variasjon når det gjeld inkluderande språk: høyra, sjå, ta imot, osv.
- Prøv å få til så godt *samsvar* som råd er, mellom forbøna og kyrkjelydssvaret når

det gjeld *tone og lengd*. Eit langt svar som «Å, Gud høyr vår bøn» etter ei kort bøn høver ikkje. Dei lange svara bør heller ikkje syngjast for mange gonger.

- Tenk gjennom om det bør vera *musikalsk overgang* frå bøn til kyrkjelydssvar, til dømes ved å leggja inn ein akkord medan siste delen av bøna blir lesen, eller at medliturgen syng avslutninga av enkeltbøner («Gud, vi bed») som intro til kyrkjelydssvaret.

III | 4 Alternativa til dei enkelte ledda

syndsvedkjening

Gjennomgang av alternativa, sjå Rettleiing til hovuddelane i gudstenesta, side 8.16.

forbøn

I Temaområde

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.45–2.47.

Den innleiande rubrikken i ordninga (side 2.45) fortel litt om korleis temaområda kan vera til hjelp for lokal utarbeiding av forbøna i kyrkjelyden.

Også formuleringar i dei ferdig formulerte bønene (Ordning for hovudgudsteneste, side 2.54–2.65) kan brukast i lokalt utarbeidde bøner og vera til hjelp i arbeidet.

II Modellar for lokalt tilrettelagde forbøner

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.48–2.54.

forbønsmodell 1 (følgjer temaområda)

Denne modellen følgjer temaområda. Stikkorda under dei fire første temaområda kan gje hjelp til å utforma forbøna.

Når denne modellen blir brukt, må ein velja om ein skal nemna bønemne, eller om det skal utformast bøner til kvart avsnitt. Vel anten bønemne eller fullstendig formulerte bøner gjennom heile forbøna. Dersom ein vel bønemne, må det vera god tid til stille bøn i kvart bønneavsnitt, slik at den enkelte får tid til å formulera sine personlege bøner ut frå det temaet som er nemnt. Dersom det blir formulert ferdige bøner, kan stille bøn utelatast.

forbønsmodell 2 (lystenning)

Den innleiande rubrikken (Ordning for hovudgudsteneste, side 2.50) gjev ei kort framstilling av korleis denne modellen kan brukast.

Vel eit høveleg kyrkjelydssvar mellom bønene. Eventuelt kan ein lesa to bønneavsnitt og deretter svar, osv.

Ein eller fleire medliturgar bed kvart bønneavsnitt, og helst den eller dei som har vore med på å utforma bønene. Lysa kan tennast anten av den som bed bøna, eller ein annan.

forbønsmodell 3 (salme)

Den innleiande rubrikken (side 2.50) gjev ei kort framstilling av korleis denne modellen kan brukast, dessutan er det eit framlegg til salmar som ein kan nytta.

Vel ein salme som høver til særpreget og temaet i gudstenesta. Dei som førebur

forbøna saman, kan gå gjennom salmen vers for vers og notera høvelege bønemne, eventuelt frå lista med temaområde (Ordning for hovudgudsteneste, side 2.45). Ut frå bønemna kan ein utforma bønner som medliturgane skal lesa, helst dei som har vore med på å utforma bønene. Alle syng versa mellom bønneavsnitta.

forbønsmodell 4 (fire himmelretningar)

Den innleiande rubrikken (Ordning for hovudgudsteneste, side 2.51) gjev ei kort framstilling av korleis denne modellen kan brukast.

Kvart bønneavsnitt blir lese av ein eller fleire som deltek i gudstenesta, helst av dei som har vore med på å utforma bønene. Kyrkjelyden står under bønna, slik det blir sagt i rubrikken. Ein kan gjerne informera om at dei som ønskjer det, kan bli sitjande, slik at ingen kjenner seg tvinga til å vera med på rørslene.

Der det av praktiske årsaker vil vera vanskeleg å reisa seg og snu seg i himmelretningane, kan ein tenna lys på ein lysglobe eller ein annan lystenningsstad, og der markera retningane.

forbønsmodell 5 (bønnevandring)

Den innleiande rubrikken (Ordning for hovudgudsteneste, side 2.53) gjev ei kort framstilling av korleis denne modellen kan brukast.

Ta god tid til å førebu bønnevandringa saman med alle medarbeidarane i gudstenesta. Andre stasjonar kan brukast i staden for eller i tillegg til dei som er nemnde i Ordning for hovudgudsteneste (side 2.53). Her vil mellom anna særpreg og tema i gudstenesta, kyrkjeårstid og alder på dei medverkande vera retningsgjevande.

Ta omsyn til kyrkjerommet og vurder kvar det kan plasserast stasjonar, og korleis ein kan bevega seg i rommet. Sprei stasjonane over så store delar av rommet som råd. Syt for at ikkje for mykje går føre seg framme ved altaret, og la det vera stor nok avstand mellom stasjonane, slik at ein unngår å forstyrre kvarandre.

Ikkje vel fleire stasjonar enn det er mogleg å ta i bruk på ein god måte, ut frå talet på medarbeidarar ved stasjonane og menneske som deltek i gudstenesta.

På stasjonen der det er høve til å skriva personlege bønner, kan det i tillegg til «bønnekrukke» stå ei «takkekrukke». Slik kan ein få hjelp til òg å skriva konkrete takkebønner som kan berast fram til altaret når bønnevandringa er slutt.

Om det skal vera skriftemål som ein stasjon i bønnevandringa, må vurderast ut frå lokale forhold. Ein må gje god informasjon om denne ordninga, slik at kyrkjelyden er godt kjend med kva ho inneber. Eventuelt skriftemål i bønnevandringa føreset òg at rommet høver for det. Stasjonen må vera skjerma mot andre stasjonar og rørsler, slik at ein på beste måte kan gje akt på den personlege og private karakteren i skriftemålet.

Gjev kyrkjelyden god informasjon på førehand ved innbydinga til gudstenesta, i velkomstorda ved opninga og/eller i eit gudstenesteprogram. Det må understrekast at vandringa er eit tilbod, og at ein gjerne kan bli sitjande.

Bønnevandringa kan gå føre seg under forbøna i gudstenesta, eventuelt samtidig med nattverdsmåltidet. Bønnevandringa kan òg utvidast til å bli ei eiga vandregudsteneste.

Undervegs i vandringa kan det vera musikk, gjerne ei veksling mellom instrumentalmusikk og song, anten korsong eller solosong.

III Formulerte bønner

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.54–2.65.

forbøn 1

I denne forbøna legg ein ikkje opp til utforming av lokale bønner. Men sidan bønneformuleringane er så konkret og knapt formulerte, vil dei nettopp kunna opplevast som tydelege og aktuelle i forhold til livet i kyrkja og diakonalt engasjement, både lokalt og globalt.

forbøn 2 og 3

Desse forbønene opnar for lokalt utforma bønner i kvart av dei fire avsnitta. Vel ut frå særpreget i gudstenesta, tekstane for søndagen, offerformålet denne dagen eller aktuelle hendingar i kyrkjelyden og samfunnet, i det eller dei avsnitta der det er naturleg å utforma bønner. Prøv å velja same språklege stil som i den formulerte bøna.

forbøn 4

Denne trinitarisk oppbygde forbøna har ein stil og eit innhald som er særleg høveleg i gudstenester der store born og ungdom deltek. Bøna inngår òg, i lett revidert form, i Ordning for dåp i eiga gudsteneste.

litani

Eit litani er ei spesiell bønneform med ein serie korte og intense bønner som spring ut av situasjonar prega av naud eller skuld. Bønene er som regel ikkje meir enn éi setning, som vekslar med eit fast kyrkjelydssvar. Det finst fleire ferdig utskrivne litani, men det er òg enkelt å laga nye bønner, anten som sjølvstendige bønner eller i kombinasjon med eit ferdig litani. Kyrkjelydssvaret kan vera «Kyrie eleison» eller «Herre, miskunna deg».

Litani kan brukast både i samlingsdelen av gudstenesta og i forbønsdelen. Medan litaniet i samlingsdelen kan ha karakter av lovprising og tilbeding, og også kan uttrykkja naudrop frå skaparverket og frå menneske i naud, er det naturleg at litaniet i forbønsdelen har ein tydeleg karakter av forbøn.

Litaniet (Ordning for hovudgudsteneste, side 2.62) er det tradisjonelle litaniet i vår kyrkje, utforma av Martin Luther på grunnlag av helgenlitaniet frå mellomalderen. Lenge var dette det einaste litaniet. Det vart difor omtala i bestemt form, og har hos oss særleg vore knytt til fastetida og bots- og bøneda.

I Ordning for hovudgudsteneste, side 2.65, står det korleis lokalt utforma bønner, og stille bøn, kan innpassast i litaniet.

Fredslitaniet (Ordning for hovudgudsteneste, side 2.61) kan òg danne mønster for utforming av aktuelle bønner, som kan erstatta enkelte eller alle bønene.

Litania bør brukast i fastetida, men dei kan òg nyttast elles i året i gudstenester der det måtte høva.

IV. nattverd

Dåp og nattverd er dei to sakramenta i vår kyrkje. Eit sakrament er ei heilag handling der Gud ved synlege middel gjev oss sin nåde. Brød og vin er dei synlege midla i nattverden. Gjennom orda som lyder i ordninga for nattverdsliturgi, blir det tydeleggjort at Kristus er verkeleg til stades. Det er hans lekam og blod, «som han gav til soning for alle våre synder», vi tek imot når vi et og drikk.

Dette måltidet har fleire namn. Til saman gjev dei oss ei brei forståing av det djupe innhaldet og den store motivrikdomen i måltidet.

Ordet *nattverd* tyder «kveldsmåltid» og har namn etter det siste måltidet Jesus heldt med læresveinane sine. Innanfor ramma av dette måltidet sa han fram ei takkebøn, delte brød og vin med læresveinane og oppmoda dei til å gjera denne handlinga når dei møttest.

Minnemåltid er ei nemning som tek direkte utgangspunkt i Jesu ord: «Gjer dette til minne om meg». I bibelsk språkbruk handlar dette ikkje berre om å minnst noko som hende ein gong i fortida. Når vi blir minte om det som skjedde, blir fortida nærverande for oss. *Anamnese*

(= påminning, det å koma i hug) handlar om at *vi* blir minna om det Jesus gjorde då han gav sitt liv for oss. Det handlar òg om å minna *Gud* om «den nye pakt» (Luk 22,20) som han oppretta gjennom Jesu frelsande offer, og som vi feirar i nattverden. Ved å visa til dette bed vi Gud om å koma i hug si miskunn og sin nåde (Salme 25,6) ut frå forsoninga i Jesus Kristus. Ikkje berre nattverden, men også preika og heile gudstenesta, handlar om denne påminninga. Av dette følgjer ei visse om at Gud er nær oss med si frelse og sin fred, med si tilgjeving og med si kraft og utfordring til å leva våre liv i teneste for Gud, for nesten vår og for heile skaparverket.

Eukaristi kjem frå det greske ordet for takk. Det er ei nemning som viser til at nattverden òg er ei takk til Gud for alle velgjerningane hans mot oss, først og fremst for frelsa i Kristus. Dette pregar heile gudstenestefeiringa vår og kjem tydelegast til syne i nattverdsbøna (*eukaristibøna*). I nattverdsbøna takkar vi òg for det komande måltidet i Guds rike, der alt skal bli nytt.

Brødsbryting vart tidleg brukt som namn på heile nattverdshandlinga, med utgangspunkt i Jesu handling: «Og medan han sat til bords med dei, tok han brødet, bad takkebøna, braut det og gav dei» (Luk 24,30). For læresveinane var dette så kjenneleg at sidan omtala dei nattverden som brødsbryting (Apg 2,42).

Kommunion (av latin *communio* = fellesskap) er ei nemning som understrekar at nattverden som måltid skaper fellesskap, først og fremst med Kristus, som er verkeleg til stades saman med oss i brødet og vinen. Måltidet skaper òg fellesskap med andre menneske, ikkje berre med dei andre som deltek i gudstenesta, men med heile den verdsvide kyrkja.

IV | 1 Strukturen i nattverdsdelen

Nattverdsdelen har denne grunnstrukturen:

- *Salme* – takkofferet kan samlast inn her eller under siste leddet i forbønsdelen (ledd 18).
- *Førebuing av måltidet*.

- *Takkseiing og bøn* (eukaristibøn) som òg omfattar Jesu innstifting av måltidet, og munnar ut i Fadervår.
- *Fredshelsing*.
- *Brødsbryting* som valfritt ledd før kyrkjelyden syng Du Guds Lam (Agnus Dei).
- *Nattverdsmåltidet* som blir avslutta med tilseiingsorda og takkebøn.

I Nattverdsordning for særskilte høve (Ordning for hovudgudsteneste, side 2.79) opnar for forkorting og innstramming av liturgien. Denne ordninga kan brukast i hovudgudstenester som er særleg tilpassa born og unge, og i temagudstenester. Ho kan ikkje nyttast i høgmissa.

IV | 2 Nattverdsdelen – ledd for ledd

Liturgen leier nattverdsfeiringa. Ein liturg som er ordinert prest, ber messehagel. Liturgen kan assisterast av ein eller fleire medliturgar som er med under førebuinga av måltidet og utdelinga (jf. Allmenne føresegner, punkt 31 og 36).

Ein medliturg kan seia fram delar av nattverdsliturgien (jf. Allmenne føresegner, punkt 37). Desse delane kan berre liturgen seia fram: den innleiande helsinga (prefasjonsdialogen), innstiftingsorda (og å lyfta brød og vin i samband med innstiftingsorda), fredshelsinga (første delen), og tilseiingsorda («Den krossfeste og oppstadne ...»).

ledd 19 førebuing av måltidet

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.16.

Brødet (brødeska) og vinen (vinkanna) kan setjast på eit sidebord framme i kyrkja eller på altaret før gudstenesta tek til, eller to medliturgar kan bera det inn under inngangsprosesjonen og setja det på sidebordet eller på altaret. Dersom nattverds-elementa er plasserte på eit sidebord, hentar medliturgane brødeska og vinkanna frå dette bordet og gjev dei til liturgen. Som ei synleg førebuing til måltidet heller liturgen vin i kalken og legg brød på disken. Det same gjer liturgen når kalken og disken står på altaret frå byrjinga av gudstenesta. Også dette kan gjerast saman med ein eller fleire medliturgar.

Takkoffer som eige ledd (ledd 18) eller takkoffer under førebuing av måltidet (ledd 19)

Kyrkjelyden kan velja om ein vil ha ei fast ordning eller variera staden for innsamling av takkofferet i dei ulike typane av hovudgudstenester. Ei grunngeving for å velja takkoffer som eige ledd før nattverden kan vera at det ikkje skal vere for tett samanheng mellom takkofferet og nattverden.

Grunngevinga for å ha takkoffer under førebuinga (ledd 19) og bera det fram samtidig som uvigsla brød og vin blir bore fram, har sin bakgrunn i oldkyrkjeleg og økumenisk tankegang, der ein reknar begge delar som takkoffer. Dei gåvene vi har teke imot frå skaparverket, ber vi fram for Gud. Så får vi tilbake ikkje berre brød og vin, men Jesu lekam og blod, og pengegåvene blir velsigna til beste for nesten vår som lid naud, og til framgang og vekst for Guds rike.

Bøn etter framberinga

Dei to bønene som er sette opp under ledd 18 og 19, kan begge brukast etter at brød er

lagt på disken og vin helt i kalken. Begge kan òg brukast dersom ein ber fram takkofferet samtidig med brødet og vinen. Den siste av bønene (i ledd 19) høver ikkje som bøn berre for takkofferet. Det er grunnen til at bønene er plasserte i kvar sitt ledd. Som det går fram av rubrikken, kan òg andre bøner nyttast, eller ein kan velja å dekkja alterbordet utan ei bøn på denne staden. Då går ein direkte frå salmen til Helsing (Prefasjonsdialog).

ledd 20 takkseining og bøn

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.17–2.19.

Det teologiske innhaldet i måltidet kjem først og fremst til uttrykk her.

I nattverdsbøna samanfattar vi òg vår takk for Guds velgjerningar mot verda og folket sitt. Høgdepunktet i denne Guds handling er knytt til Kristi soningsverk, som vi får del i gjennom nattverdsgåvene.

Strukturen i dette leddet

Oppbygginga av nattverdsbøna (eukaristibøna), som har mykje til felles med gamle jødiske måltidsbøner, er kjend frå livet i kristne kyrkjelydar heilt frå rundt 200 e.Kr.:

- 1 Helsing Prefasjonsdialog.
- 2 Innleiande lovprising (prefasjon) som anten er fast, eller som varierer med kyrkjeåret.
- 3 Heilag Sanctus, som er eit lovprisande høgdepunkt i gudstenesta, der heile kyrkjelyden sluttar seg til lovprisinga i jublande song.
- 4 Lovprising av den treeinige Gud.
- 5 Påkalling av Den heilage ande over både gåvene og kyrkjelyden.
- 6 Jesu innstifting av nattverden.
- 7 Påminning (anamnese), som understrekar at Jesu liding og død. framleis gjeld – dialogen knytt til «Mysteriet i trua er stort» i ordninga inngår i dette.
- 8 Forbønsdel der kyrkjelyden bed om Guds nærvær i fellesskapet.
- 9 Fadervår, som heile kyrkjelyden seier fram eller syng i fellesskap.

Helsing Prefasjonsdialog

Nattverdsdelen blir innleidd med ei helsing:

L | Herren vere med dykk.

K | **Og med deg vere Herren.**

Dette har lang tradisjon i den kristne gudstenesta. Helsinga held fram med ein vekselsong som understrekar nattverden som takkemåltid (eukaristi). Kyrkjelyden svarar på oppfordringa frå liturgen om å takka Herren ved å uttrykkja at dette er den verdige og rette måten å samlast om Herrens bord på.

Innleiande lovprising Prefasjon

Sjå Ordning for hovudgudsteneste (Kyrkjeårsprefasjonar, side 2.67–2.70) og Prefasjonar til nokre av nattverdsbønene, side 2.71–2.78.

Det er fem nattverdsbøner å velja mellom (A–E).

Sjå omtalen av kvar av dei i avsnittet «Alternativa til dei enkelte ledda», side 8.57.

Nattverdsbønene gjev uttrykk for læra i vår kyrkje om innhaldet i nattverden. Til saman gjev dei fem alternativa uttrykk for ein stor rikdom av bibelske motiv. I tråd med økumenisk praksis er alle nattverdsbønene retta mot Faderen, ikkje mot Sonen. Dette er ei endring i forhold til gudstenesteordninga frå 1977.

Alle nattverdsbønene tek til med ei *innleiande lovprising*. Liturgen messar eller seier fram ein kyrkjeårsprefasjon eller den aktuelle innleiande lovprisinga i nattverdsbøna. Grunntonen her er takk og lovprising, som kyrkjelyden sluttar seg til med «samrøysta lovsong» og tilbeding.

Heilag Sanctus

Saman med alle Guds englar, saman med alle dei som gjekk føre oss i pilegrimstoget, saman med alle som samlast i andre kyrkjer og kyrkjefamfunn, i vårt eige land og i heile verda, stemmer vi i den store lovsongen: «Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. All jorda er full av din herlegdom.» Lovsongen knyter saman himmel og jord. Først syng vi saman med englane (serafane) som ein dag for meir enn 2700 år sidan møtte Jesaja uventa i tempelet i Jerusalem. Han såg «Herren sitja på ei høg og mektig trone (...) Serafar stod omkring han (...) dei ropa til kvarandre: «Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot ...» (Jes 6,1–3). Også når Johannes openberring skildrar tilbedinga i himmelen, syng himmelske skapningar det trefaldige «heilag, heilag, heilag» natt og dag utan stans (Op 4,8)

Deretter syng vi saman med dei menneska som hylla Jesus då han drog inn i Jerusalem på eit esel: «Hosianna! Velsigna vere han som kjem i Herrens namn ...» (jf. Joh 12,12–14; Matt 21,1–11; Sal 118,26).

I Sanctus prisar vi saman med englane Guds herlegdom. Deretter lovprisar vi Frelsaren som kom den gongen, som no kjem i brød og vin i nattverden, og som ein gong skal koma att.

Nattverdsbøn med innstiftingsorda Verba

Etter Heilag Sanctus held nattverdsbøna fram med ei lovprising av den treeinige Gud. Denne delen av bøna inneheld òg *påkalling av Den heilage ande, epiklese* (gresk ord som tyder «påkalling»). Vi bed om at Den heilage ande må koma over kyrkjelyden og nattverdsgåvene (brød og vin).

Den norske kyrkja har ikkje tidlegare hatt epiklese i ordninga for høgmesse. Men det har vore med i «Ordning for nattverd utanom høgmissa» og som eit kan-ledd i Familiemessa. Påkalling av Den heilage ande, både over kyrkjelyden og nattverdsgåvene, har vore med i nattverdsbøna heilt frå dei tidlegaste tider i kyrkja. I luthersk tradisjon vart nattverdsbøna gjord mykje kortare, ikkje minst for å gje innstiftingsorda den heilt sentrale plassen i bøna. Men i fornyinga og restaureringa av dei klassiske nattverdsbønene i førre hundreåret vart epiklesen henta inn att i fleire og fleire kyrkjer. I dag har dei fleste kyrkjefamfunn, også dei lutherske, inkludert epiklesen i nattverdsbønene sine.

Epiklesen er plassert *før* innstiftingsorda, i samsvar med ein lang vestleg – og luthersk – tradisjon. Intensjonen med dette er dels å la det bøneperspektivet ved nattverden som ligg i påkallinga av Anden, prega ein større del av nattverdsbøna, dels å gje *innstiftingsorda* ein sentral og avgjerande plass i nattverdsliturgien.

Innstiftingsorda Verba

Jesu ord frå det siste måltidet saman med læresveinane tek vi opp att kvar gong vi feirar nattverd. At desse orda hadde den heilt sentrale plassen i nattverdsfeiringa alt i

dei første kristne kyrkjelydane, går tydeleg fram av det Paulus skriv om nattverden i det første brevet til korintarane. Både i 1 Kor 11,23–25 og i evangelia (Matt 26,26–28; Mark 14,22–24; Luk 22,19–20) finn vi innstiftingsorda, stort sett med same ordlyden.

Ifølgje luthersk forståing har innstiftingsorda to funksjonar. Den eine er retta mot sjølve elementa. Det er ei innviing (konsekrasjon) av elementa. Slik blir brød og vin berarar av Jesu lekam og blod: «Dette er min kropp ...», «Dette er mitt blod ...». Medan liturgen seier orda, eller etter at kvar del av innstiftningsorda er lesen, lyfter han/ho først brødet, deretter vinen. Slik blir det synleggjort også i handling at her er Kristus fullt og heilt til stades, i brødet og vinen. Den andre funksjonen er forkynninga av lovnaden som knyter seg til nattverden: «Dette er min kropp som blir gjeven for dykk ...» «Denne kalken er den nye pakt i mitt blod som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne.»

Jesu oppfordra læresveinane sine til å feira nattverdsmåltidet om att og om att. Oppfordringa gjeld òg oss: «Gjer dette til minne om meg!» Vi minnest og blir minte om det Jesus har gjort for oss. Dialogen som blir innleidd med «mysteriet i trua er stort», minner oss på at Jesu lidning og død framleis gjeld.

«Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att», kan kyrkjelyden seia – og halda fram med lovprisinga: «Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.»

Fadervår

Fadervår har vore ein viktig del av nattverdsliturgien heilt frå først av i den kristne kyrkjelyden. Gudstenesteordningane våre har til no føljt Luthers plassering av Fadervår – i hans «Deutsche Messe» (gudstenesteordning på tysk) vart det plassert like før innstiftingsorda. I Ordning for hovudgudsteneste kjem Fadervår etter innstiftingsorda, slik det har gjort frå den første tid i kyrkja, som eit viktig ledd i førebuinga til altargangen.

I nattverdsliturgien kan Fadervår seiast å ha tre funksjonar:

- 1 Fadervår er *bordbøna*. «Gjev oss i dag vårt daglege brød» viser ikkje berre til det brødet vi treng reint fysisk, men òg til nattverdsbrødet.
- 2 Fadervår er *syndsvedkjenning*. «Forlat oss vår skuld» er ei god syndsvedkjenning å be like før ein går til Herrens bord.
- 3 Fadervår er *sjølvprøving*. «Slik vi og tilgjev våre skuldnarar» gjev høve til å tenkja etter korleis ein har det i forhold til medmenneska sine.

Fadervår kan *syngjast* eller *lesast* av alle i fellesskap. Om ein syng det eller les det kan variera. Her kan hovudgudstenestetypen og preget i gudstenesta elles vera avgjerande. I alle kyrkjelydar er det somme som er mest fortrulege med å lesa Fadervår, medan andre aller helst vi syngja bøna. Det kan vera rett å ta omsyn til begge ønska.

Dersom det er både dåp og nattverd i hovudgudstenesta, kan det vera ei god løysing å lesa bøna under dåpen og syngja henne under nattverden. Dersom ein ønskjer å ha Fadervår anten på den eine eller den andre staden, kan bøna utelatast under dåpen (jf. rubrikk i Ordning for Dåp i hovudgudstenesta: «Dersom det er nattverd i gudstenesta, kan Fadervår falla bort her.»).

Kyrkjelyden kan velja mellom tre versjonar av Fadervår: Vår Far (bibelomsetjinga 2011), Fader vår (bibelomsetjinga 1978/85) eller Fader vår (bibelomsetjinga 1904/1938). Den siste versjonen vart brukt i 1920-liturgien. Ein del kyrkjelydar i Nord-Noreg heldt fram med å bruka denne versjonen også etter liturgirevisjonen i 1977. Det er opna for at ein kan halda fram med det, dersom kyrkjelyden ønskjer det.

Dette er ikkje aktuelt i kyrkjelyden med nynorsk liturgi, då ordlyden i Fadervår 1920 og 1977 i stor grad er den same.

Mange kyrkjesamfunn bruker i dag ofte fleire enn to tekstutgåver av Fadervår, så vår situasjon er ikkje uvanleg. Men kva for alternativ av Herrens bøn som skal nyttast i hovudgudstenesta, kan vera eit av dei vanskelegaste vala å ta. For mange kyrkjegjengarar som er vande med den eldre versjonen, kan det vera for tidleg med ei endring, medan andre kan synast at den nyaste omsetjinga gjev Fadervår eit rikare innhald. Her må ein gje seg tid – og la mange få delta i samtalen før ein tek avgjerd. Eit viktig moment vil vera trusopplæringa i kyrkjelyden. Den versjonen av Herrens bøn som blir brukt der, må også borna kunna kjenna att når dei går til gudsteneste. Eit anna moment er det folkekyrkjelege aspektet, at alle dei som ikkje går så ofte til gudsteneste, òg skal kunna kjenna att Fadervår.

I gudstenester som har deltakarar med ulik etnisk bakgrunn og nasjonalitet, kan ein somme gonger oppfordra alle til å be Fadervår på deira eige morsmål.

ledd 21 nattverdsmåltidet

Sjå Ordning for hovudgudsteneste side 2.19–2.21.

Fredshelsing Pax

I urkyrkja helsa dei truande kvarandre med «kjærleikens kyss» (1 Pet 5,14). Den fredshelsinga som høyrde med, vart etter kvart vanleg i nattverdsliturgien i kyrkja, eller like før denne liturgien. Leddet er henta inn att i gudstenesteordninga vår ved at det mellom nattverdsbøna og sjølve måltidet blir utveksla ei fredshelsing mellom liturgen og kyrkjelyden.

Den gamle liturgiske tradisjonen med at også deltakarane i gudstenesta utvekslar fredshelsing, har dei siste tiåra vorte meir og meir vanleg i mange kyrkjer i verda. Dette er det no høve til også i hovudgudstenesta for Den norske kyrkja. Sjå rubrikken til dette leddet.

Ei meir utførleg fredshelsing, sjå Rettleiing til hovuddelane i gudstenesta.

Den andre delen i fredshelsinga kan utformast slik:

Liturgen eller ein medliturg kan deretter seia:

L/ML | Lat oss helsa kvarandre med eit teikn på fred.

Kyrkjelyden helsar kvarandre med handtrykk og kan seia «Guds fred» eller liknande ord.

Slik kan dei som deltek i gudstenesta, uttrykkja fellesskap i kyrkjelyden og vilje til å leva i forsoning og fred med kvarandre. Formuleringa «Lat oss helsa kvarandre med eit teikn på fred», er vald for at ikkje nokon skal kjenna seg tvinga til å måtta seia «Guds fred» til den som står ved sida i kyrkjebebenken. Det kan gjerast med andre ord eller utan at det blir sagt noko i det heile – berre med eit enkelt handtrykk.

Somme kan synast at også eit handtrykk i liturgisk samanheng er framandt og problematisk. Slike omsyn må soknerådet ta stilling til når dei skal ta avgjerd om dei vil bruka av siste delen av fredshelsinga (jf. Allmenne føresegner, punkt 64).

Brødsbryting

Vi veit ikkje så mykje om korleis brødsbrytinga gjekk føre seg i dei første kristne kyrkjelydane. Men at det var ei viktig handling i messa, er det ingen tvil om. Frå den

aller første tid i kyrkja fram til ein på 800-talet tok til å bruka oblatar, var det vanleg å bryta brødet som ei handling som var synleg for heile kyrkjelyden.

Dette er eit valfritt ledd, men uttrykkjer den bibelske tanken om nattverd som brødsbryting med ord frå 1 Kor 10,16–17. Skal dette leddet fungera godt, kan det vera behov for å bruka ein større oblat eller eit større nattverdsbrød.

Du Guds Lam Agnus Dei

Liturgen kan seia «Kom, for alt er gjort ferdig» – anten før eller etter ein syng «Du Guds Lam». I det første tilfellet går kyrkjelyden fram til nattverd medan dei syng dette liturgiske leddet, i det andre tilfellet går dei fram først etter at å ha sunge «Du Guds Lam».

Songen Du Guds Lam byggjer på Joh 1,29, der døyparen Johannes peikar på Jesus og seier: «Sjå, Guds lam, som ber bort synda i verda!» Songen kom tidleg inn i liturgien, først i Austkyrkja, der dei song han i samband med brødsbrytinga. Frå 700-talet var songen ein fast del av nattverdsliturgien i så å seia heile kyrkja. Songen vart etter kvart viktig som ein hyllingssong til Kristi nærvær i sakramentet. Til å byrja med song ein «miserere nobis» (miskunna deg over oss) i alle tre ledda i songen. På 1000-talet tok ein til å syngja «dona nobis pacem» (gjev oss din fred) som avslutning på «miserere nobis» tredje gongen.

I den lutherske kyrkja har det både vore slik at eit kor har sunge Agnus Dei på latin under nattverdsmåltidet, og at kyrkjelyden har sunge Agnus Dei på sitt eige språk, anten like før måltidet eller samtidig med at ein går fram for å ta imot Jesu lekam og blod. Agnus Dei har òg vore sunge som salme, slik vi kjenner han i Nicolaus Decius' versjon frå 1522, med den norske teksten til Blix: «Du Guds Lam uskyldig» (NoS 149).

Tidlegare har vi i den norske høgmessa sunge: «Du Guds Lam, som *bar* all verdsens synder». No syng vi: «Du Guds Lam som *ber* all verdsens synder», slik ein gjer i dei fleste kyrkjene i verda. Heilt sidan dette leddet vart innført i liturgien, har presensforma vore brukt, også Luther heldt på den forma. I nattverdsliturgien er det ei form for oppheving av tid og rom i eit evig no. Dette er mysteriet i nattverden: Vi syng med Guds «kyrkjelyd i himmelen og på jorda», blir minte om dei avgjerande hendingane i fortida («I den natta då han vart sviken, tok han eit brød ...») og ser framover mot å «samlast hos deg i ditt fullkomne rike».

Utdeling

Sjå om utdelingsmåtar i Allmenne føresegner, punkt 35, og i avsnittet «Særlege forhold i nattverdsdelen», side 8.53.

Liturgen deler ut brødet. Ein medliturg kan dela ut vinen

Born kan vera med som medliturgar også under nattverden, til dømes ved å bera fram elementa. Dei medliturgane som deler ut vinen (og i nokre tilfelle brødet), skal *normalt* ha oppnådd den religiøse myndigaldern (Jf. Allmenne føresegner, punkt 72). Denne hovudregelen tek omsyn både til dei som tek imot nattverd, og til dei som deler ut, slik at alle kan oppleve at det går føre seg på ein trygg og god måte, også om det skulle oppstå uvanlege situasjonar under utdelinga.

Uttrykksmåten *normalt* opnar for at det i visse høve kan vera aktuelt å bruka nattverdsutdelarar som er yngre enn 15 år. Dei føresette må vera spurde om dette og avgjera om borna kan ta på seg ei slik oppgåve. Det er soknepresten, som leier gudstenestelivet i kyrkjelyden, som godkjenner nattverdsmedhjelparar (jf. Allmenne føresegner, punkt 72).

Det er viktig at alle nattverdsmedhjelparane får den nødvendige innføringa i

oppgåva, og hjelp til å utføra oppgåva på ein trygg og respektfull måte.

Dersom det er mange til stades i gudstenesta, kan det vera nødvendig med *fleire utdelingsstader*. Då vil også medliturgar dela ut brød. Liturgen som har hovudansvaret for heile nattverdsfeiringa, delegerer då oppgåva til ein eller fleire medliturgar. Den som får i oppgåve å dela ut brødet, bør vera ein erfaren nattverdsutdelar.

Dei som ønskjer å ta imot velsigning i staden for nattverd, kan seia frå om det, eller visa eit teikn på dette ved å leggja høgre handa på venstre skuldra. For små born er det foreldra eller ein annan vaksen som dei går saman med til nattverdsbordet, som seier frå om dei skal ha nattverd eller bli velsigna.

Song og musikk under utdelinga

Under utdelinga kan ein syngja ein eller fleire salmar, det kan vera korsong eller instrumentalmusikk som høver. Dette kan variera frå gudsteneste til gudsteneste, alt etter type gudsteneste og det preget gudstenesta har, mellom anna ut frå dag og tid i kyrkjeåret. Det kan òg variera frå kyrkjelyd til kyrkjelyd ut frå ulik song- og musikkultur. Somme gonger høver det med jublande lovsong, andre gonger kan det vera meir meditativ song eller musikk. Somme gonger kan ein syngja fleire korte lovsongar og omkvede (t.d. Taizé-songar) under måltidet. Andre gonger kjennest det rett å berre ha det stille.

Også denne delen av gudstenesta må planleggjast på ein god måte. Det er ikkje berre å setja opp eit par salmar på salmetavla og rekna med god song. Sjølv om ein oppmodar kyrkjelyden til å ta med seg salmebøkene når dei går fram til nattverd, er det mange som ikkje gjer det. Difor må det vera velkjende songar ein syng, særleg i første delen av nattverdsmåltidet. Røynsla frå mange kyrkjelydar er at dei mest kyrkjevande går først fram til nattverdsbordet. Det er òg dei som er mest vande med å syngja salmar. Det kan difor bli nokså svak og usikker song når berre nokre få sit att i kyrkjebenkene. Ei løysing kan vera å spela eit lengre forspel til den første salmen, og la fellessongen ta til når dei nattverdsgjestene som gjekk først fram, er tilbake på plassane sine. Ei anna løysing er å oppmuntra nokre med god songstemme til å gå fram mot slutten av nattverdsutdelinga.

Ei forsongargruppe vil òg kunna vera med og gjera sitt til at salmesongen under måltidet fungerer på ein god måte. Dersom det er kor med i gudstenesta, kan dei gjerne syngja først under altargangen, og deretter vera forsongarar på ein eller fleire salmar eller lovsongar som kyrkjelyden syng.

Mange stader kan det bli ein pause etter at kyrkjelyden har teke imot nattverd og er komne tilbake til kyrkjebenkene. Det er når presten og ein annan nattverdsutdelar gjev kvarandre brødet og vinen til slutt, med alle auga retta mot seg. Her kan ein vurdera om det ville vera betre om dei gav til kvarandre aller først, medan kyrkjelyden enno er på veg til utdelingsstaden. I somme av systerkyrkjene våre har dei denne ordninga fordi det er ei god, praktisk løysing som har sitt utgangspunkt i Jesu ord då han sende ut læresveinane sine: «Gjev som gåve det de fekk som gåve» (Matt 10,8). Same kva for praksis ein nyttar, er det viktig å avtala korleis liturgen og ein annan nattverdsutdelar (når det er fleire utdelingsstader: den som deler ut brødet, og den som gjev vinen) gjev kvarandre brød og vin.

Tilseiingsorda

Etter utdelinga helsar liturgen kyrkjelyden med desse orda:

«Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin heilage lekam og sitt dyre blod som han gav til soning for alle våre synder.»

Kyrkjelyden kan slutta seg til ved å seia saman med liturgen:
«Han styrkje oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige livet.»
Tilseiingsorda oppsummerer på ein klar og tydeleg måte kva nattverdsmåltidet er.

ledd 22 avslutning av måltidet

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.21–2.22.

Takkebøn

Måltidet blir avslutta med ei bøn som liturgen eller ein medliturg bed. I nokre av bønene kan alle be høgt med i den avsluttande delen av bøna.

Takkebøna peikar både tilbake på måltidet ein nett har vore med på, og på gudstenesta som òg held fram i kvardagen. Siste delen av bøna kan ha motiv som dreiar seg om teneste og misjon, kjærleik og von.

Ein kan velja ei av dei fire oppsette bønene, ei anna høveleg takkebøn, eller ei lokalt utforma bøn. På spesielle dagar og i temagudstenester kan det vera særleg aktuelt å velja ei anna takkebøn som høver godt med tanke på temaet for dagen, eller utforma ei særskilt bøn for denne gudstenesta.

Dekkja av bordet

Når måltidet er over, blir altaret dekt av. Brødeska og vinkanna kan setjast tilbake på sidebordet. Det same gjeld kalken og disken. Forspelet til salmen (ledd 23, sjå Rettleiing til hovuddelane i gudstenesta, side 8.62) kan ta til medan dette blir utført. Då kan kyrkjelyden følgja med på avdekkinga av bordet før dei reiser seg og syng den siste salmen. Dersom salmen (ledd 23) er flytta til Postludium/Utgangsprosjon (ledd 26), kan det vera instrumentalmusikk under avdekkinga, musikk som fører over til intonasjon av velsigninga.

IV | 3 Særlege forhold i nattverdsdelen

iv.3.1 val av brød og vin

«... I den natta han vart sviken, tok han eit brød ... Like eins tok han kalken etter måltidet ...»

Forteljningane i evangelia om den første nattverden seier ikkje direkte kva slag brød Jesus tok og gav til læresveinane sine. I og med at det siste måltidet med læresveinane vart halde i ramma av det jødiske påskemåltidet, er det vanskeleg å tenkja seg noko anna enn at han nytta usyra brød. Desse orda tyder òg på at det var ei form for druevin i kalken han gav dei: «Heretter skal eg ikkje drikka denne *frukta av vintreet* før den dagen eg drikk henne ny saman med dykk i riket til Far min» (Matt 26,29).

I den første tida i kyrkja kunne dei som deltok i gudstenesta, ha med seg brød og vin til nattverdsmåltidet. Vinen vart gjerne blanda med vatn. Vi veit ikkje om brødet var gjæra eller ugjæra den aller første tida. Men snart vart usyra brød vanleg i Vestkyrkja, og vart einerådande etter at ein innførte oblatane som nattverdsbrød på 800-talet. Austkyrkja har aldri brukt usyra brød. Striden om gjæra eller ugjæra brød var sentral i splittinga mellom Austkyrkja og Vestkyrkja i 1054.

Ugjæra (usyra) brød har samband med utferda til Israelfolket frå Egypt og det jødiske påskemåltidet. Det nye testamentet omtalar òg den jødiske påska som ei høgtid med usyra

brød (Matt 26,17; Apg 12,3 og 1 Kor 5,7–8). Det uttrykkjer liding, nødvendige oppbrot og solidaritet med dei som lid, og at vi er undervegs mot målet og enno ikkje har nådd fram til den endelege frelsa.

Austkyrkja understrekar på den andre sida skilnaden mellom den gamle og den nye pakta ved å bruka gjæra brød, og føregrip i sterkare grad den komande frelsa. Valet mellom gjæra og ugjæra brød kan ein difor sjå i samheng med desse to lange teologiske og symbolmetta tradisjonane. Den norske kyrkja har heilt til siste delen av 1900-talet, med få unntak, brukt ugjæra nattverdsbrød.

Gjæra eller ugjæra brød

I Allmenne føresegner for Ordning for hovudgudsteneste (punkt 33) står det at nattverdsbrødet kan vera *syra (gjæra) eller usyra (ugjæra) brød*. Det er soknerådet som avgjer dette.

Som ugjæra brød bruker ein vanlegvis ein *oblat*. Ordet *oblat* kjem av eit latinsk ord som tyder «bera fram». Eit bilete av Jesus på krossen er prega inn på den vesle runde oblaten som til vanleg blir brukt. At forma ser ut som eit pengestykke, kan minna om at Jesu gav sitt liv til *løysepenge* (Matt 20,28).

Små oblatar kom i bruk først og fremst for å unngå smular under utdelinga, og på den måten verna om dei heilage nattverdelementa. Det er òg praktisk å bruka oblatar og ikkje gjæra brød, som lett smular, og som kan vera eit særleg problem når ein tek imot nattverd ved å dyppa brødet i vinen (intinksjon).

Vanleg gjæra brød kan gje ei sterkare oppleving av at ein held eit verkeleg måltid. Gjæra brød kan ein òg sjå på som eit uttrykk for inkarnasjonen, ved at Kristus kjem til oss i form av vanleg brød. Gjæra brød kan dessutan delast opp i mindre bitar under utdelinga for å understreka at alle er del av den same heilskapen som brødet representerer.

Brød til nattverden – gjæra eller ugjæra – kan nokon i kyrkjelyden baka, gjerne born eller unge, eller andre som deltek i gudstenesta. Slik blir gudstenestemåltidet knytt saman med arbeid og fellesskap i kvardagen.

Glutenfritt

Folk med cøliaki kan bli sjuke, og somme kan få sterke reaksjonar av gluten, sjølv i svært små mengder. Det ligg faktisk ein risiko for enkelte i å ta imot glutenfritt brød frå ein liturg som nett har teke i brød som inneheld gluten.

Ein må halda det glutenfrie brødet strengt separat, og nattverdsgjesten må sjølv ta det glutenfrie brødet/oblaten frå disken. Når ein nyttar intinksjon (dypping av brødet i vinen), er det ikkje nok berre med ein disk med glutenfrie oblatar. Det trengs òg ein eigen kalk der det berre skal dyppast glutenfrie oblatar. Ein med cøliaki kan ikkje dyppa glutenfritt brød i ein felleskalk der andre alt har dyppa brød som inneheld gluten.

Ein må unngå at det blir vanskeleg for dei som ikkje toler gluten, å delta i nattverdsmåltidet. Dette kan løysast ved å nytta oblatar: «Av omsyn til personar med cøliaki bør det brukast berre glutenfritt brød. Når det gjeld oblatar, skal dei vera glutenfrie» (jf. Allmenne føresegner, punkt 33).

Vin

Kva som helst type rein, vanleg druevin – kvit eller raud – kan brukast til nattverden. Det kan òg nyttast avalkoholisert vin av kva som helst type. Vin som ikkje er avalkoholisert, kan blandast med opp til 50 % vatn. Det er soknerådet som avgjer dette (jf. Allmenne

føresegner, punkt 34 og punkt 64).

Bruk av alkoholhaldig vin ved nattverden har tradisjon i den kristne kyrkja heilt frå dei første hundreåra, rett og slett fordi det var slik vin Jesus nytta då han innstifta måltidet. Å velja alkoholhaldig vin kan ein grunnkje både med tradisjonen og med økumeniske omsyn til andre kyrkjer i dag.

Svært mange kyrkjelydar i Den norske kyrkja bruker i dag avalkoholisert vin. Grunngevinga for dette er både omsynet til menneske med alkoholproblem og til born og unge som deltek ved nattverdsbordet.

iv.3.2 utdelingsform ved nattverd

Utdelinga kan gå føre seg på ulike måtar:

Ved altaret (éi gruppe om gongen)

Nattverdsgjestene kneler ved altarringen/altarskranken, eller tek imot brød og vin ståande (i gudstenesterom utan altarring/altarskranke). Liturgen avsluttar utdelinga til ei gruppe med helsinga «Fred vere med dykk». Deretter kan andre gå fram og danna ei ny gruppe. Etter den siste gruppa ved altaret seier liturgen tilseiingsorda («Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus ...») til alle nattverdsgjestene.

Ved altaret (kontinuerleg)

Ein kneler ved altarringen/altarskranken, eller tek imot brød og vin ståande (i gudstenesterom utan altarring/altarskranke). Dei som har teke imot brød og vin, går ned frå altaret og gjev plass til nye nattverdsgjester. Etter utdelinga seier liturgen tilseiingsorda («Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus ...») til alle nattverdsgjestene.

Andre stader i kyrkjerommet enn ved altaret (som intinksjon)

Liturgen og medliturgen som deler ut brød og vin, står ved sida av kvarandre (ev. utdelarar på fleire stader). Nattverdsgjestene går fram på rad og rekkje og tek imot først brød. Deretter dyppar dei det i vinen, og et og drikk samtidig. Etter utdelinga går liturgen og medliturgen (-ane) til altaret. Der seier liturgen tilseiingsorda («Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus ...») til alle nattverdsgjestene.

Dypping (intinksjon) kan òg nyttast når ein tek imot brød og vin knelende eller ståande ved altaret.

Andre stader i kyrkjerommet enn ved altaret (med særkalkar)

Liturgen og medliturgen som deler ut brød og vin, står ved sida av kvarandre (ev. utdelarar på fleire stader). Nattverdsgjestene går fram på rad og rekkje, tek ein særkalk frå eit bord ved utdelingsstasjonen, og tek imot først brødet, deretter vinen i særkalken. Etter at dei har teke imot brød og vin, set dei særkalken frå seg på tilvist stad og går tilbake til plassane sine.

Utdeling både ved altaret og andre stader i kyrkjerommet

Utdelinga kan òg gå føre seg ved å gje nattverdsgjestene høve til å velja om dei vil ta imot nattverden knelende ved altaret eller ståande på ein annan utdelingsstad.

Sitjande mottaking av brød og vin

På alle gudstenester må det vera høve til å ta imot brød og vin sitjande. Ein kan setja

stolar heilt framme ved altaret og gjera plass til at rullestolbrukarar kan køyra fram for å ta imot nattverden. Somme stader er det nødvendig at liturgen og medliturgen går ned og deler ut brød og vin der nattverdsgjestene sit. Det må leggjast til rette for at nattverdsgjester som er rørslehemma, skal ha like godt høve som alle andre til å delta og kjenna seg inkluderte i måltidet.

Kva for argument talar for og imot dei ulike alternativa?

Her er det ingen fasitsvar. Lokale føresetnader når det gjeld både kva folk i kyrkjelyden sjølve føretrekkjer, talet på nattverdsgjester og innreiinga i gudstenesterommet, spelar inn.

Nokre argument som bør vurderast:

- Éi gruppe om gongen eller kontinuerleg altargang?
Ordninga med éi gruppe om gongen ved altaret kan gje den enkelte betre høve til ro og ettertanke. Kontinuerleg altargang kan gje ei oppleving av at alle er med i det same fellesskapet. Måltidet er ikkje stykkja opp i fleire «bordsetningar».
- Knelande ved altarringen/altarsranken eller ståande ved utdelingsstasjonen?
Knelande mottaking kan opplevast som meir meditativt og med meir høgtid. Ståande kan opplevast som meir inkluderande. Ein blir ikkje lagd merke til på same måten som når ein går fram og kneler. Utdeling i kyrkjerommet gjer nattverdsmåltidet lettare tilgjengeleg for dei som av ulike grunnar har vanskar med å koma seg fram til koret og/eller har problem med å knela.
- Bruk av særkalkar eller intinksjon?
Dersom det blir nytta særkalkar også når ein tek imot nattverden ved ein utdelingsstasjon, kan nattverden som måltid opplevast sterkare, ved at ein både et og drikk. Dersom det blir nytta intinksjon (dypping), unngår ein å måtta henta særkalkar på eit bord og setja dei frå seg etterpå. Særleg i gudstenester med mange som deltek og fleire stasjonar kan dette vera ei enklare og meir praktisk løysing. Allmenne føresegner tilrår bruk av særkalkar (sjå Allmenne føresegner, punkt 35).

Kva for ei utdelingsform skal kyrkjelyden velja?

Når soknerådet skal ta stilling til utdelingsforma (jf. Allmenne føresegner, punkt 35 og Del C, punkt 64), er det fleire spørsmål som må vurderast:

- Skal vi ha éi ordning for dei fleste gudstenestene, og i så fall: kva for ei utdelingsform?
- Skal vi ha ulike ordningar på forskjellige gudstenester? Éi ordning for høgmesse, andre ordningar for andre typar hovudgudstenester? Ei ordning for «ordinære» søndagar, ei anna ordning på søndagar når ein ventar mange kyrkjegjengarar?

iv.3.3 på verdig vis

Når det trengst meir brød eller vin

Så langt det er mogleg, bør ein gjera overslag over kor mange som vil delta i måltidet, slik at det blir innvigt høvelege mengder brød og vin. Ser ein at det manglar litt brød eller vin under utdelinga, kan ein dela dei siste oblatane eller brødstykkja og hella litt mindre vin i særkalkane. Når ein må bera fram meir brød og vin, kan ein be ei kort bøn, til dømes slik:

- *for brødet:* «Heilage Gud, vi takkar deg for brødet og vinen, og for innstiftinga av nattverden, der Jesus Kristus sa: Dette er min kropp. Ta imot og et! Send din

- heilage Ande, så dette brødet for oss blir livsens brød.»
- *for vinen:* «Heilage Gud, vi takkar deg for brødet og vinen, og for innstiftinga av nattverden, der Jesus Kristus sa: Dette er mitt blod. Drikk alle av denne kalken. Send din heilage Ande, så denne vinen for oss blir kalken til frelse.»

Når det er brød eller vin til overs

I Allmenne føresegner står det at brød og vin som blir til overs, skal handsamast «på verdig vis» (jf. Allmenne føresegner, punkt 38). Det er liturgens ansvar å syta for at dette skjer. Ein bør involvera alle gudstenesteleiarane og alle med kyrkjetenarfunksjonar i samtale om kva ein skal leggja i uttrykket «på verdig vis», og bli samde om ein felles praksis i kyrkjelyden.

Etter luthersk tankegang er brød og vin å forstå som Jesu lekam og blod i samband med sjølve nattverdsmåltidet. Men i respekt for den heilage handlinga skal det som eventuelt er til overs, handsamast på verdig vis.

Dette handlar òg om respekt for oppfatningar og praksis i andre kyrkjefamfunn. I det økumeniske Limadokumentet (*Om dåp, nattverd og embete*. Kommisjonen for tru og kyrkjeordning, Verdskyrkjerådet 1982) heiter det (Nattverd, punkt 32):

Noen kirker legger vekt på at Kristi tilstedeværelse i nattverdelementene fortsetter også etter at nattverdfeiringen har funnet sted. Andre legger hovedvekten på selve feiringen og på at nattverdelementene spises og drikkes under nattverdhandlingen. Måten en behandler nattverdelementene på, fordrer spesiell oppmerksomhet. Når det gjelder oppbevaringen av disse, skulle enhver kirke respektere hverandres praksis og fromhet.

Limadokumentet viser at det er økumenisk semje om å ta vare på nattverdselement som er til overs etter måltidet, for å bruka dei til utdeling til sjuke og dei som ikkje er til stades. Denne praksisen går heilt tilbake til den første tida i kyrkja. I dokumentet «den beste måten å vise respekt for nattverdelementene er ved å fortære dem, uten å utelukke deres bruk til sykenattverd».

Om ein skal følgja denne tilrådinga, kan liturgen og medliturgane eta det nattverdsbrødet som er til overs, i sakristiet etter gudstenesta. Alternativt kan oblatar som er til overs, takast vare på til seinare bruk.

Når det gjeld vinen som er til overs, er det ikkje alltid mogleg eller tilrådeleg å drikka han, og slett ikkje når intinksjon har vore utdelingsform. Ein bør heller ikkje hella vinen tilbake på flaska, for vin som er til overs på opna flasker, eignar seg ikkje til bruk ved seinare høve. Ein gammal praksis er at ein heller vinen ut på jorda på ein fast stad utanfor kyrkja. Dette uttrykkjer at vinen som ei frukt av jorda blir ført tilbake til jorda.

IV | 4 Alternativa til dei enkelte ledda

bøn for takkofferet og nattverdsgåvene

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.16 og 2.17, ledd 18 og 19.

Bøna i ledd 18

Denne bøna er ein kombinasjon av dei to bønene til takkofferet i kyrkjelyden (A og B) som vi fekk med gudstenestereforma av 1977. Ho tek utgangspunkt i Salme 24,1: «Jorda og det som fyller henne, høyrer Herren til, verda og dei som bur der, er hans!»

Bøna kan brukast både som bøn etter at ein har bore nattverdsgåvene fram, og når takkofferet og nattverdsgåvene er borne fram samtidig.

Bøna i ledd 19

Også denne bøna tek utgangspunkt i Salme 24,1. Siste delen av bøna, om at Gud må gjera oss til eitt som kornet i brødet og druene i vinen, har sin bakgrunn i ei oldkyrkjeleg bøn som er gjendikta i salmen «Som korn fra vide åkrer».

Bøna kan brukast både som bøn etter at ein har bore nattverdsgåvene fram, og når takkofferet og nattverdsgåvene er borne fram samtidig.

kyrkjearsprefasjonar

Prefasjonane til dei ulike kyrkjeårstidene er bygde opp på same måten:

- 1 Takkseing til Gud ved Jesus Kristus, med same ordlyden i alle:
«I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre ...»
- 2 Eit mellomledd som varierer med kyrkjeårstida, som ei påminning og ei lovprising av det Kristus har gjort til vår frelse.
- 3 Den avsluttande delen, som bind saman englelovsongen for Guds trone og lovsongen i kyrkjelyden: Ved han [Kristus] lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja.»

nattverdsbøner

Sjå Ordning for hovudgudsteneste side 2.71–2.78.

Nattverdsbøn A

Denne bøna er ei revidert utgåve av nattverdsbøna i høgmessa av 1977. Ho er no retta mot Faderen og er noko stramma inn og forenkla. Nye motiv er påkalling av Den heilage ande over kyrkjelyden og nattverdsgåvene, i bøna like etter Heilag Sanctus, og bøna om å kjenna att Kristus i den som svelt og tørstar, i den avsluttande forbøna.

Nattverdsbøn B

Denne bøna er utforma på grunnlag av ein tekst frå rundt år 200 (frå den såkalla apostoliske tradisjonen, kanskje skriven av Hippolyt, som var biskop i Roma). Denne teksten har spela ei særleg sentral rolle for utviklinga av nattverdsbøner.

Hippolyts dristige formuleringar har ein prøvt å ta vare på så godt som råd er. Uttrykket «openberra oppstoda av lekamen» kan verka uvant, men ein må forstå det ut frå diskusjonen i Jesu samtid omkring spørsmålet om det finst ei lekamleg oppstode frå dei døde. Jesus avviste argumentasjonen hos dei som nekta for at det fanst ei slik oppstode (jf. Mark 12,18–27). Ein kan seia at vona om den lekamlege oppstoda frå dei døde melde seg som ein indre konsekvens av trua på ein Gud som hadde skapt heile mennesket, lekam og sjel. På denne bakgrunnen får Hippolyts formulering god meining, og Jesus «openberra oppstoda av lekamen», ikkje berre når han lærte folket, men først og fremst ved å stå opp frå dei døde (jf. 1 Kor 15). Formuleringa knyter assosiasjonane til truedkjenningsleddet som gjeld trua på «lekamleg oppstode». I ei tid då den kristne trua på lekamleg oppstode frå dei døde blir møtt med alternative

trusførestellingar om reinkarnasjon, kan det vera vel verdt å lytta til Hippolyt.

Nattverdsbøn C

Denne bønna er nyskriven. Ho byggjer på ei rekkje paulinske tekstar og har ein brei motivrikdom med både skaparperspektiv og frelseshistoriske perspektiv som er tydelege gjennom heile bønna.

Nattverdsbøn D

Denne bønna byggjer på forteljinga i Luk 24,13–35, der den oppstadne Jesus viste seg for Emmaus-vandrarane og sat til bords med dei, tok brødet, bad takkebønna, braut det og gav dei. Då vart auga deira opna, og dei kjende han att.

Nattverdsbøn E

Dette er ei omforma bøn etter ordninga Familiemesse. Her er dåp og nattverd knytte saman i lovprisingsbønna etter Heilag Sanctus. I den avsluttande forbønna finn vi eit feminint gudsbilete: Gud som ei kjærleg mor som samlar borna sine om seg. Bønna har fått ein enkel språkleg stil, ikkje minst med tanke på at born og familiar skal delta i gudstenesta.

nattverdsordning for særskilde høve

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.79.

Denne nattverdsordninga er ei kortare form som kan brukast i enkelte hovudgudstenester som er særleg tilpassa born og unge, og i temagudstenester. Ordninga kan òg vera aktuell i friluftsgudstenester og kveldsgudstenester og ved andre høve når det er behov for ein enklare liturgi.

Ordninga opnar med ein *anna og forenkla helsing*, der alle gjev sin respons på oppfordringa til lovprising. Deretter syng ein *Heilag Sanctus eller ein annan lovsong*, gjerne ein som er tilpassa den aktuelle gudstenesta, når det gjeld både alderen på dei som er med, og musikkstilen.

Bønna før innstiftingsorda har tre variantar. Alle har ein enkel språkleg stil.

Verken innbydinga «Kom, for alt er gjort ferdig» eller «Du Guds Lam» er tekne med i ordninga. Men det er sjølvstilt ingenting i vegen for å ha desse elementa med dersom ein ønskjer det.

Etter utdelinga seier liturgen tilseingsorda som alltid skal vera med når det blir halde nattverd, eventuelt ved at kyrkjelyden og liturgen bed høgt saman den avsluttande bønna.

Etter dette kan ein ha med ei takkebøn – ei av dei fire som står under ledd 22 i Ordning for hovudgudsteneste, ei som er lokalt utforma, eller ei anna høveleg takkebøn.

utdelingsorda

1 *Dette er Jesu lekam / Dette er Jesu blod*

Desse utdelingsorda har sin bakgrunn i dei første utdelingsorda vi fekk i vår kyrkje: «Dette er Jesu sande legeme / sande blod» (frå Kyrkjeritualet 1685). Ritualet 1914 og Alterboka 1920 sløyfa «sande».

Utdelingsorda konstaterer kva dette er, og er dermed ei sterk understreking av at Kristus er verkeleg til stades, i brødet og vinen (realpresensen).

2 *Kristi kropp gjeven for deg / Kristi blod utrent for deg*

Desse utdelingsorda er i bruk i mange kyrkjer rundt om i verda. Dei kom inn i vår gudstenestebok i 1977 som moglege utdelingsord i nattverdgdusteneste utanom høgmesse. No er dei sidestilte med «Dette er Jesu lekam / Dette er Jesu blod». I tillegg til å konstatera at brødet er Kristi kropp / Kristi blod, er det lagt til ein personleg tiltale til kvar nattverdsgjest: «gjeven for deg / utrent for deg».

takkebøner

Sjå Ordning for hovudgudsteneste side 2.21–2.22

Om dei fire alternativa:

- 1 Denne takkebøna viser direkte til det heilt sentrale i nattverdsmåltidet – at vi har fått del i Jesu Kristi (sigerrike) død og oppstode. Bøna blir av avslutta med ord som har eit tydeleg sendingsperspektiv, både til misjon og diakoni.
- 2 Denne takkebøna er ei varsam omarbeiding av takkebøna i høgmesseliturgien frå 1977. Det er ei bøn om at nattverdsgåvene må ha ein verknad i våre liv, når det gjeld både tru, kjærleik og von.
- 3 Denne takkebøna bind saman dåpen og nattverden. Bøna er både ei dåpspåminning og ei takk for det nattverden gjev. Ho legg vekt på syndsforlating og fornya tru på Guds lovnader. Bøna har same avslutninga som bøn nr. 1.
- 4 Denne takkebøna gjev ei påminning om den store samanhengen som vi høyrer til i, og som Jesus har gjeve sitt liv for: éi verd og éi menneskeslekt. Sendingsmotivet i bøna understrekar nestekjærleik og solidaritet med menneske i naud.

V. sending

Sendinga i gudstenesta markerer at gudstenesta held fram i det daglege livet. Her blir det bygt bru frå tilbeding og lovsong i Guds hus til den gudstenesta kvar av oss skal halda fram med i kvardagen. Vi blir sende ut med Guds velsigning for å leva som lemmer på Kristi lekam i verda.

V | 1 Strukturen i sendinga

Sendingsdelen har denne grunnstrukturen:

- *Salme* – kan syngjast her eller flyttast til Postludium/Utgangsprosesjon
- *Velsigninga*
- *Tre gonger tre bønslag*
- *Utsendingsord*
- *Postludium/Utgangsprosesjon*

V | 2 Sendinga – ledd for ledd

ledd 23 salme

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.22.

Vel gjerne ein salme som har eit tydeleg preg av avslutning. Det kan vera ein salme med takk- og lovprisingsmotiv, gjerne ein som seier noko om den tenesta vi blir sende ut til i verda, ut frå gudstenesta. Det kan òg vera ein salme som inneheld takk for nattverdsgåvene, avhengig av kva for salmar ein eventuelt har sunge under nattverdsmåltidet.

ledd 24 velsigninga

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.22 og side 2.83.

Kyrkjelyden tek imot velsigninga som ei gåve frå den treeinige Gud som ved Jesus Kristus har lova «å vera med oss alle dagar så lenge verda står» (Matt 28,20b). Under velsigninga gjer liturgen eit krossteikn med handa. Også den enkelte kan gjera krossteikn når han/ho tek imot velsigninga. Slik gjev vi eit kroppsleg uttrykk for det som er grunnlaget for den Guds fred velsigninga gjev oss: Jesus død og oppstode. Krossteiknet er ei sterk påminning om kven vi høyrer til.

Når hovudgudstenesta blir feira som høgmesse, bruker ein den aronittiske velsigninga. Den aronittiske velsigninga er normalordninga også i andre hovudgudstenester. Men det er opning for å nytta andre velsigningsord når det er ønskjeleg ut frå tema og fokus i gudstenesta. Då kan ein bruka eitt av dei tre alternative velsigningsorda (Ordning for hovudgudsteneste, side 2.83), eller eit anna høveleg velsigningsord kan brukast.

Etter *amen* frå kyrkjelyden ved velsigninga slår kyrkjeklokkene tre gonger tre slag. Slik blir det danna ei bru frå dei innleiande tre slaga i gudstenesta til dei avsluttande tre gonger tre slaga. Slik blir kyrkjelyden minte om at alt går føre seg i den treeinige Guds namn. Slaga blir kalla *bønslag*, et namn som peikar på at det her kan vera ei kort stund i ettertanke og bøn før vi blir sende ut til teneste i verda.

ledd 25 utsending

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.23 og 2.84.

Utsendingsordet i gudstenesta har sitt opphav i den gamle sendingsforma *Ite, missa est*. Desse orda er vanskelege å omsetja og kan tyda både «Gå, messa er til ende» og «Gå, de er sende». Dette kom inn i den romerske messa alt på 300-talet, og forsterkar kallet til den kristne kyrkjelyden om ikkje å nøla med å gå ut i verda i teneste for Gud og menneske. Utsendingsordet utfordrar både til diakoni og misjon.

Utsendingsordet har mange variantar. Ein kan òg utforma det lokalt ut frå tema og særpreg i gudstenesta.

ledd 26 postludium/utgangsprosesjon

Sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.24.

Organisten, eventuelt i samspel med andre musikarar, spelar eit postludium som samsvarar med særpreget i gudstenesta. Eventuelt kan ein syngja ein salme.

Når det er utgangsprosesjon, kan ein, ved å bera prosesjonskross fremst i prosesjonen, gjera synleg at Kristus går føre oss ut i verda. Også prosesjonen ut av kyrkja er ei vandring framover. Det kan ein gjera synleg ved å gå i same rekkjefølgja ut av kyrkja som ein gjekk inn: krossberaren fremst, deretter dei andre medliturgane og liturgen til sist. Heile kyrkjelyden kan følgja etter, og slik bli ein del av prosesjonsvandringa både ut i livet og mot det evige målet i Guds rike.

V | 3 Særlege forhold i sendingsdelen

v.3.1 etter gudstenesta

Sendinga i gudstenesta er inga avslutning, men eit *framhald*. Dette blir understreka i den avsluttande rubrikken (sjå ledd 26) der det diakonale ved gudstenesta kjem tydeleg fram, i tråd med Plan for diakoni. Her er det framheva at «før, under og etter ei gudsteneste er det mange opningar for å delta, for å sjå og bli sett, for å gje plass til mangfaldet».

Kyrkjekaffi er den vanlegaste fellesskapssamlinga i forlenging av hovudgudstenesta i norske kyrkjelydar. Kyrkjekaffien kan ha ulike former, avhengig av kyrkjerom, høve til å bruka andre rom og kva ein ønskjer med denne samlinga. Det kan vera ei enkel samlingsstund med ein kopp kaffi og ein kjeks bak i kyrkjerommet, i våpenhuset eller på kyrkjebakken, eller ei samling ved småbord i eit lokale nær ved. Kyrkjelyden kan ha faste rutinar eller variera frå gong til gong. På søndagar med spesielle markeringar (jubileum, avskil med eller velkomst for medarbeidarar, konfirmantpresentasjon, osv.), utdelingar (fireårsbok o.l.) og spesielle grupper som deltek (t.d. grupper med ulik alder som får trusopplæring) er det naturleg med ein utvida kyrkjekaffi, gjerne med eit program tilpassa dei aktuelle personane og gruppene.

Same kva for form kyrkjekaffien har, er det viktig å tenkja gjennom kva ein vil med denne samlinga. Ønskjer ein at dette skal vera ei open og uforpliktande samling før folk går kvar til sitt etter gudstenesta, er det viktig å leggja dette til rette så godt som råd er. En bør unngå at folk som er nye i kyrkjelyden, opplever seg ekskluderte. Kyrkjekaffe bør fungera som ein god «kyrkjebakke», der folk ikkje sit eller står i fast etablerte klikkar og pratar saman, men der det er god sirkulasjon i fellesskapet. Kanskje må somme må få eit ansvar for at ingen skal kjenna seg utanfor.

Tenk òg gjennom korleis kyrkjekaffien kan nyttast som ein god «kyrkjebakke» for informasjon og opplysningar. Her kan ein setja opp plakatar og dela ut faldarar og program av ulike slag. Aktivitetar i kyrkjelyden kan ha eigne små utstillingar. Det kan vera utstillingar i samband med offerformålet eller det spesielle temaet for denne dagen. Under kyrkjekaffien kan det òg vera påmelding til turar, samtalegrupper, fasteaksjonen for Kirkens Nødhjelp, osv.

Den avsluttande rubrikken i Ordning for hovudgudsteneste gjer tydeleg at det naturlege framhaldet av samlinga i kyrkjelyden om ord og sakrament, er «soknebod, anna besøksteneste, forbønsteneste og andre oppgåver». Liturgi og diakoni høyrer naturleg saman. Somme kan ikkje koma seg til kyrkja på grunn av alder og sjukdom. Korleis kan ein hindra at dei blir gløymde? Korleis kan ein syta for at dei som ikkje kan koma til gudsteneste, kan få ta imot nattverden i heimen sin? Korleis kan ein leggja opp til ei besøksteneste og ei forbønsteneste som fungerer? Kva for diakonale oppgåver er aktuelle i kyrkjelyden og samfunnet? På kva for måte utfordrar gudstenesta den enkelte og fellesskapet til teneste i kvardagen?

Frå gudstenesta i kyrkjerommet blir vi sende ut til gudsteneste i verda, for å bera Kristi vitnemål ut i livet – med våre ord og våre liv. Denne tenesta er ikkje avgrensa

til lokalsamfunnet og nasjonen. Vårt kall og oppdrag strekkjer seg herifrå og «heilt til enden av verda» (Apg 1,8).

V | 4 Alternativa til dei enkelte ledda

innleiing til velsigninga

Ordning for hovudgudsteneste, side 2.22.

Som innleiing til velsigninga kan ein bruka vekselsongen «Lat oss prisa Herren» (Benedicamus), eller vekselhelsinga «Herren vere med dykk» (Salutatio). Den siste kan det vera naturleg å nytta i fastetida, på bots- og bøneda og på siste søndagen i kyrkjeåret. Når velsigninga ikkje blir sunge, kan ein lesa innleiinga «Ta imot velsigninga». Denne siste er det naturleg å bruka når ein vel eit anna velsigningsord enn den aronittiske velsigninga.

velsigningsord

Den aronittiske velsigninga er den eldste teksten i gudstenesta, men vart innført i messa først av Martin Luther. For meir enn 3000 år sidan bad Gud Moses gje denne velsigninga vidare til Aron og sønene hans (4 Mos 6,22–27). Israelittane fekk orda som ei stadfesting av at Herren Gud ville vera med dei. Kyrkjelyden i dag får orda ved slutten av gudstenesta som ei helsing direkte frå den treeinige Gud. Det er ein lovnad om at han vil vera hos oss i det daglege livet vårt.

Velsigningsord nr. 1 (side 2.83) er den apostoliske velsigninga. Sjå Rettleiing til hovuddelane i gudstenesta, side 8.62. Denne velsigninga kan ein bruka i andre hovudgudstenester enn høgmessa når ho ikkje har vore brukt som inngangsord.

Velsigningsord nr. 2 (side 2.83). Denne velsigningsbøna er det mest vanleg å bruka på samlingar utanom gudstenesta, der ein avsluttar med å be velsigninga høgt saman. Denne bøna kan vera aktuell i hovudgudstenester med eit forenkla preg og opplegg, der ein ut frå trusopplæringsperspektivet eller av andre grunnar finn det naturleg å la kyrkjelyden be velsigninga saman.

Velsigningsord nr. 3 (side 2.83) har sitt opphav i gudstenester på kvinnedagen (8. mars). Denne velsigninga kan brukast i hovudgudstenester utanom høgmessa i samband med kvinnedagen, og elles når ein ut frå særpreg og tema i gudstenesta ønskjer ei velsigning med eit kjønnsinkluderande språk.

utsendingsord

Sjå Utsendingsorda i Ordning for hovudgudsteneste (side 2.23).

I dei to første alternativa er det veksellesing mellom liturgen eller medliturgen og kyrkjelyden. Etter det innleiande «Lat oss gå i fred» kan alle leggja til anten «i Jesu Kristi namn» eller «og tena Herren med glede».

Det tredje og fjerde alternativet er i samsvar med det innarbeidde utsendingsordet frå høgmessa 1977, også med den korte forma: «Gå i fred».

Utsendingsorda, side 2.84 i Ordning for hovudgudsteneste:

Det er opna for å bruka andre utsendingsord enn dei som står i ordninga. Dei kan hentast frå ulike kjelder, eller utformast lokalt ut frå fokus og tema i gudstenesta. Korte utsendingsord kan eventuelt innleiast med eit bibelord. Det kan vera eit høveleg bibelord frå ein av tekstane for dagen, eller eit anna ord som passar. Det er gjeve døme på tre slike ord: 2 Tim 1,7; Fil 4,7; Joh 15,16.

Det korte utsendingsordet, «Gå i fred», som er sett inn etter kvart av dei tre bibelorda, er meint som eit døme. Også andre utsendingsord kan nyttast.